



**Nord-Fron**  
KOMMUNE

# Årsrapport iFRON

2019



Kulturprisvinnar dirigerer Kvam skolemusikk.



Ski VM på Sundheim - Gunhild serverer.



Byfesten 2019 Julie Bergan - med publikum.



Byfesten 2019 - Juniorbyfest med popcornparty.



Årlig Countrydag på TFF.



Norsk Et Lite Kor under den kommunale kulturkvelden.



StreetArt på kommunehusveggen.

# Innhald

## ÅRSRAPPORT

- 6 Årsberetning
- 18 Rådmannsleiing
- 19 Stab
- 20 Teknisk drift
- 22 Areal og næring
- 24 Skole
- 28 Barnehage
- 30 Kultur
- 32 Forebyggande helsetenester
- 33 Heimetenester
- 34 Institusjonsomsorg
- 35 Tenester for funksjonshemma
- 36 NAV Midt-Gudbrandsdal
- 38 VEDLEGG: Statistikk og oversikter frå stab og VO
- 46 Kostra-tal
- 48 VEDLEGG: Økonomiske tabellar og nøkkeltall mm.
- 54 Politisk organisering
- 55 Organisasjonskart



**ANSVARLEG UTGJEVAR**  
Nord-Fron kommune

**EKSTERN BISTAND**  
Design: Krible design as

iFron er Nord-Fron kommune sin årsrapport. Årsberetninga skal til behandling i kommunestyret.

## KOMMUNEDIREKTØREN SI VURDERING AV 2019

Årsrapporten blir laga for kommunestyret sin gjennomgang av året som er avslutta. Kommunedirektøren vurderer rekneskap og aktivitet siste året med utgangspunkt i budsjett, andre politiske dokument og vedtak som er gjort i 2019. Det er intensjonen at kommunestyret skal gjere vedtak knytt til – årsberetning i møte 5.5.20.

Meldinga blir lagt ut på kommunen si heimeside [www.nord-fron.kommune.no](http://www.nord-fron.kommune.no). Det er mål om at folkevalde, brukarar og innbyggjarar (kommunens eigne og eigarar av fritidsbustader) skal sjå omfanget av kommunale tenester og tenester som kommunen bidrar med har i Nord-Fron. Kommunen er den største arbeidsgivaren i Midt-Gudbrandsdal, og både omfang og kvalitet på tenester (produsert av kommunen eller av private etter avtale med kommunen) har stor innverknad på lokalsamfunnet.

Kommunedirektøren er ansvarleg for innhaldet, og verksemdsleiarar, personell i stab og kommunalsjefar har utarbeidd delar av meldinga.

### Planlegging / tilrettelegging / regionalt arbeid

Dei 3 nye fellesordningane i regionen (MG, NAV, MG Barnevern og MG flykningadministrasjon) har hatt sitt første driftsår. Det har vore lagt ned stor innsats for å få ordningane på plass.

Kommunen har intensivert arbeidet med å utvikle området Vinstra Park. Kommunedirektør erkjenner at krav til formelle prosessar gjør at realisering ikkje

går så raskt ein ønskjer, men ein har tru på at kommande år vil vise at fysiske tiltak i området starter.

Det regionale arbeidet vil frå no bli forankra gjennom Innlandet fylkeskommune. Det blir spennande å sjå korleis samarbeid / dialog mellom kommunane og den nye fylkeskommunen utvikler seg etter at tidlegare Hedmark og Oppland er blitt ei eining.

### Kommunal økonomi, tenestetilbod og handlefridom

Rekneskapa for 2019 vart avslutta med eit netto driftsresultat på minus 2,7 % (regulert budsjett minus 2,9%). Resultatet er ikkje tilfredsstillande, og organisasjonen må framover ha sterkare fokus på å levere tenester innfor vedtatt budsjett. Hovudårsaken til det svake resultatet er stor svipt på tenesteområda (minus 17,4 mill.kr.). Meirinntekter på andre områder og strykningar resulterte i eit samla resultat på kr.0.

Nærare detaljar knytt til økonomi går fram av eige kap. Vi nyttar KOSTRA data. I 2019 har vi gått nøye gjennom korleis vi grupper kommunalt tilsette. Det viser seg at vi har ført for høg del av våre tilsette innanfor administrasjon. Som del av omstilling / reduksjon av administrative stillingar og endra organisering har vi hatt ein nærare gjennomgang, som har resultert i at ein lågare del av stillingane våre definerast som administrative stillingar.

## Lokalsamfunn og næringsliv

Folketalet pr. 31.12.2019 er på 5.723 (18: 5.742). Det er ein nedgang på 19 frå førre år. Utviklinga er negativ både i NGD og MGD. Samla nedgang for dei 2 regionane i 2019 var på heile 297 personar. Det har konsekvens for nivå på overføringar frå staten gjennom inntektssystemet.

Pr. i dag er det *ikkje* teikn på at staten vil auke overføringane til kommunal sektor utover årleg prisstigning. I dag veit vi ikkje konkret på kva måte sentrale styresmakter vil styre utviklinga i kommunal sektor, men kommunedirektøren trur vi må rekne med at staten forventar at effektivisering og omstilling held fram.

## Arbeidsmiljø – kompetanse - teknologi

Kommunedirektør har vedtatt endra administrativ organisering som tar til å virke for fullt frå 1.1.20. Det betyr at det vil bli relativt store endringar for mange tilsette. Kommunedirektøren har tru på at vi etter kvart skal sjå at endringane blir opplevd som positive for dei fleste tilsette.

Tal for sjukefråver for Nord-Fron som kommunal verksemd viser ei positiv utvikling i 2019. Vi hadde eit fråver på 8,3% (9,5% i 2018) i 2019. Det er lov å tru at auka fokus på arbeidsmiljø kan bidra til at endringa kan halde fram. Det skal nemnast at vi har lagt til rette for lokale arbeidsmiljøutvalg på det enkelte tenesteområde, eit tiltak vi meiner er viktig for å utvikle arbeidsmiljøet.

Vi har starta arbeid med å etablere eigen *digitaliseringsstrategi*. Den skal leggjast fram 1.kvartal 2020. Som nemnt i fjor – bruk av ny teknologi skal ikkje erstatte menneskelege ressursar, men skal bidra til ein betre og meir rasjonell arbeidskvardag. Det er viktig at ved å investere i nye arbeidsverktøy må organisasjonen dokumentere innsparing / redusert kostnadsauke på andre områder.

## Konklusjon

Nord-Fron har i 2019 levert eit svakt årsresultat. Vi kan ikkje halde fram på same vis i 2020 og åra framover. Dersom vi ikkje klarer å betre budsjettkontrollen vil kommunen etter kvart få kraftig redusert handlefridom. Det blir utført mykje godt arbeid på ulike arbeidsplassar, men som nemnt utan at det i tilstrekkeleg grad har vore fokus på å halde gitte budsjettammer.

Sjølv med auka fokus i 2019 på omstilling / endringsarbeid er målet framover at vi framleis skal levere tenester som innbyggjarar, brukarar og folkevalte skal vere fornøgd med. Det blir krevjande når kvalitet ikkje lengre kan målast opp i mot kor store økonomiske ressursar kommunen kan nytte på ulike tenester.



KOMMUNEDIREKTØR  
Arne Sandbu

Vinstra, 3. april 2020

# Årsberetning

## INNLEIING

I tråd med kommuneloven §48 nr. 5 og rekneskapsforskriften §10 (jf. § 14-7 i ny kommunelov med virkning frå 1.1.20), skal alle kommunar utarbeide årsberetning. Kommunal rekneskapsstandard nr. 6 - Noter og årsberetning gir informasjon om forhold som bør kommenterast i ei årsberetning. Årsberetning skal utarbeidast av kommunedirektøren seinast 31. mars, og årsrekneskap og årsberetning skal vedtas av kommunestyret før 1. juli. Det er lagt opp til at årsberetning skal vedtas av kommunestyret på møte 5. mai 2020.

## ØKONOMISKE FORHOLD

### Balanserekneskapen

Tabellen viser samansetninga av balanserekneskapen for 2019 og 2018 (tal i millionar kroner):

EIGEDELAR	R-19	R-18	EIGENKAPITAL OG GJELD	R-19	R-18
Anleggsmidlar:	1.727	1.635	Eigenkapital:	616	633
Omløpsmidlar:	215	280	Langsiktig gjeld:	1.247	1.198
			Kortsiktig gjeld:	79	84
<b>SUM:</b>	<b>1.942</b>	<b>1.915</b>	<b>SUM:</b>	<b>1.942</b>	<b>1.915</b>

### Arbeidskapital

Arbeidskapitalen (AK) er lik omløpsmidlar minus kortsiktig gjeld. Endring i arbeidskapitalen er eit mål på om likviditeten er betra eller svekka. I 2019 er omløpsmidlar redusert med 65 millionar kroner til 215 millionar kroner. I same periode er kortsiktig gjeld redusert med 5 millionar kroner, slik at AK er svekka med 60 millionar kroner. Arbeidskapitalen vart også svekka frå 2017 til 2018 (11 millionar kroner). Kommunen har tilfredsstillande likviditet med ein arbeidskapital på 137 millionar kroner per 31. desember 2019 (196 millionar kroner i 2018), men likviditeten har vorte gradvis svekka dei siste åra (frå 208 millionar kroner i 2017 til 137 millionar kroner i 2019). Arbeidskapitalen utgjer i 2019 berre 23,1 prosent av driftsinntektene (34,3 prosent i 2018 og 37,3 prosent i 2017).

Arbeidskapitalen sin driftsdel er definert som AK minus ubrukte lånemidlar, investeringsfond og bunde driftsfond. Dette viser driftsmidlar til frie formål. Per 31. desember 2019 er arbeidskapitalen sin driftsdel 41,9 millionar kroner (56,6 millionar kroner i 2018). Det utgjer 7,1 prosent av driftsinntektene (9,9 prosent i 2018).

Tabellen under syner utviklinga i driftsdelen av arbeidskapitalen (tal i tusen):

	2016	2017	2018	2019
Arbeidskapital	183.456	207.346	196.260	136.643
-ubrukte lånemidlar	74.192	31.262	29.221	52.327
-investeringsfond	7.508	77.689	79.664	14.538
-bundne driftsfond	48.261	39.412	30.743	27.868
<b>Arbeidskapitalens driftsdel (driftslikvider)</b>	<b>53.496</b>	<b>58.983</b>	<b>56.632</b>	<b>41.909</b>

Dersom ein berre korrigerer for ubrukte lånemidlar utgjer arbeidskapitalen 14,3 % av driftsinntektene (29,2 % i 2018).

Reduksjonen av investeringsfond frå 2018 til 2019 er knytt til midlar motteke tilskott frå Husbanken knytt til utbygging på Sundheim (66 millionar kroner). Disse vart avsett til ubunde investeringsfond i 2017, for å kunne inngå i seinare finansiering av ulike investeringar. Midlane er brukt som finansiering av investeringar i 2019. Dette ga også midre bruk av lånemidlar i 2019.

Arbeidskapitalens driftsdel korrigerert for premieavviket (tal i tusen):

	2017	2018	2019
Arbeidskapital korrigerert for premieavvik	203.764	189.057	125.277
- ubrukte lånemidlar	31.262	29.221	52.327
- investeringsfond	77.689	79.664	14.538
- bundne driftsfond	39.412	30.743	27.868
<b>ARBEIDSKAPITALENS DRIFTSDEL (driftslikvider) KORRIGERT FOR PREMIEAVVIK</b>	<b>55.401</b>	<b>49.429</b>	<b>30.544</b>

Premieavviket inngår i arbeidskapitalen. Korrigerert for premieavviket er arbeidskapitalen i 2019 på 125,3 millionar kroner. Tilsvarende tal for 2018 (arbeidskapital korrigerert for premieavvik) er 189,1 millionar kroner. Korrigerert for premieavviket er arbeidskapitalens driftsdel i 2019 på 30,5 millionar kroner. Det er ein reduksjon frå 2018 på 18,9 millionar kroner og dersom vi ser attende til 2017 er reduksjonen totalt på 24,9 millionar kroner. Dette syner at den negative utviklinga frå 2017 til 2018 har vorte forsterka i 2019.

### Anleggsmidlar

Pensjonsmidlar auka frå 601 millionar kroner i 2018 til 638 millionar kroner i 2019. Pensjonsmidlar er dei faktiske pensjonsmidlene til kommunen, andel av forsikringsfondet (reserven), tilleggsavsetninger, andel av kursreguleringsfondet og pengar på premiefond (inkludert tilbakeført overskudd).

I 2019 er det gjennomført ordinære avskrivningar for 27,6 millionar kroner og det er aktivert verdiar for 81,4 millionar kroner. Det er seld tomter for 0,4 millionar kroner i 2019. Faste eigedommar og anlegg er bokført med 949 millionar kroner per 31.12.19 (var 896 millionar kroner per 31.12.18).

Nord-Fron kommune har anleggsmidlar for 1.727 millionar kroner i 2019 (1.635 millionar kroner i 2018).

### Gjeld

Pensjonsforpliktelser auka frå 688 millionar kroner i 2018 til 731 millionar kroner i 2019. Pensjonsforpliktelser er noverdien av påløpt pensjonsforpliktelse for alle tilsette, aktive, oppsatte og pensjonistar. Dette er rekna ut etter eigne økonomiske føresetnader.

Kortsiktig gjeld er på 78,6 millionar kroner, og den redusert med 5 millionar kroner frå 2018 til 2019.


Samla langsiktig gjeld er 1.247 millionar kroner, og det er 211 % prosent av driftsinntektene i 2019 (210 % i 2018).

Ekstern lånegjeld pr. 31. desember 2019 er 515,9 millionar kroner,

og det er ein auke på 6,3 millionar kroner siste året. Kommunestyret gjorde i KS-sak 118/18 vedtak om låneopptak på inntil 55,198 millionar kroner til investeringar i 2019. Finansieringsbehovet vart endra som følge av nedregulering av fleire investeringsprosjekt, og det vart gjort låneopptak til investeringar på 30 millionar kroner i 2019. Prosjekta som vart nedregulert i 2019 vil i hovudsak bli oppregulert i 2020, og resterande låneopptak frå 2019 vil bli tatt opp i 2020.

Det er berekna at 53,5 millionar kroner av lånegjelda (10,4 %) per 31.12.19 er knytt til sjølvkostprosjekt (berekna til 50,5 millionar kroner per 31.12.18).

**Ekstern lånegjeld viser slik utvikling dei siste åra:**



Det er lagt opp til at lånegjelda skal aukast i økonomiplanperioden (år 2020-2023) til om lag 549 millionar kroner i 2023.

Måltal for lånegjeld i Nord-Fron kommune vil bli innarbeidd som del av revideringa av økonomireglementet i 2020.


**Lånegjeld i prosent av driftsinntektene viser slik utvikling dei siste åra:**

	REKNESK. 2017	REKNESK. 2018	REKNESK. 2019
Samla ekstern lånegjeld	88,1 %	89,1 %	87,4 %
Korrigert for sjølvkost		80,3 %	78,3 %
Korrigert for sjølvkost og vidareutlån		79,1 %	76,8 %

**Eigenkapital**

Med bakgrunn i budsjett og vedtak gjennom året er totale verdiar av fond redusert med 81,5 millionar kroner til 88,5 millionar kroner ved utgangen av 2019 (170 millionar kroner i 2018). Hovudårsaken til reduksjonen er bruk av avsett tilskott frå Husbanken til planlagt finansiering av ulike investeringar (66 millionar kroner).

**Fondsreservane viser slik utvikling dei siste åra (tal i 1000):**



*Dette er sumtal for alle typar fond.*

Av den totale fondsbeholdninga er 27,9 millionar kroner bunde opp til ulike driftsformål, der dei største fonda er lista opp under:

- › 6,5 millionar kroner er knytt til sjølvkostfond (avløp, vatn og septik).
- › 2,3 millionar kroner knytt til bunde driftsfond for Regionrådet for Midt-Gudbrandsdal (Regionrådet har sidan 2005 vore ført som ein integrert del av kommunen sitt rekneskap).
- › 5,7 millionar kroner til kraftfond konsesjonsavgift.
- › 1,7 millionar kroner knytt til motteke arv til Sundheim.

**Investeringsfond**

Det er balanseført 2,8 millionar kroner knytt til fond for ekstra avdrag på etableringslån/startlån. Dette er bundne midlar.

I tillegg er det pr. 31. desember 2019 balanseført til saman 11,7 millionar kroner på ulike ubundne investeringsfond. Fondet er redusert med 65,6 millionar kroner frå 2018 til 2019, og dette heng saman med planlagt bruk av avsett tilskott frå Husbanken til finansiering av investeringar.

**Disposisjonsfond**

Dette er fondsmidlar som kan nyttast fritt, både til drift og investeringar, og saldo ved utgangen av året er 46,1 millionar kroner (59,6 millionar kroner per 31. desember 2018).

**Disposisjonsfond i prosent av driftsinntektene viser følgjande utvikling dei siste åra:**

	REKNESK. 2017	REKNESK. 2018	REKNESK. 2019
Nord-Fron	10,1 %	10,4 %	7,8 %

Disposisjonsfonda er svekka med 13,5 millionar kroner frå 2018 til 2019. Av dette er 1,7 millionar kroner knytt til at løyve tilskott til nærings- og landbruksformål er omgjort frå fond til kortsiktig gjeld. Driftsrekneskapen for 2019 viser eit nullresultat etter strykningar. Det er gjennomført strykningar av avsetningar til disposisjonsfond med 2,7 millionar kroner ved avslutninga av rekneskapen for 2019, jf. reknekapforskriften § 9 og Økonomireglementet for Nord-

Fron kommune pkt. 5.2. Hovuddelen av strykning av avsetning til disposisjonsfond er knytt til premieavvik/pensjonsfond (2,1 millionar kroner). Sjå også note 13 til rekneskapsrapporten for 2019.

Måltal for disposisjonsfond i Nord-Fron kommune vil bli innarbeidd som del av revideringa av økonomireglementet i 2020.

Samla er eigenkapitalen 616,4 millionar kroner per 31.12.19, og det er ein reduksjon på 16,9 millionar kroner frå 2018.

Det blir også vist til note 15 for detaljar rundt endring i kapitalkontoen. Kapitalkontoen auka med 65,9 millionar kroner frå 2018 til 2019.

### Tap på fordringar

Det er ikkje utgiftsført vesentleg tap på kommunale fordringar i 2019, og det er heller ikkje gjort avsetningar til å dekke eventuelle framtidige tap. Dette er gjort som følge av ei samla vurdering av rekneskapsresultatet og dei konkrete restansane. Det er Kemneren i Sør-Gudbrandsdal som ivaretek innføring av kommunale krav for Nord-Fron.

### Driftsrekneskapan

Driftsrekneskapan viser kva for driftsutgifter og inntekter kommunen har i dei ulike virksomhetsområda (VO). I tillegg viser driftsrekneskapan kommunen sine skatteinntekter, renteinntekter/utgifter, avdrag på lån og bruk/avsetning av fond.

#### Driftsutgifter på virksomhetsområda

Utgift, inntekt og netto utgift (inkl. bruk/avsetning av fond) på verksemdsområda (VO) i 2019:

TAL I 1000	REKN.	REG. BUD	AVVIK	PROSENT-AVV.
Br.t.utg	602.390	533.927	-68.463	-12,8 %
Inntekt	-197.133	-146.045	51.088	35,0 %
<b>NETTO UTGIFT</b>	<b>405.258</b>	<b>387.882</b>	<b>-17.376</b>	<b>-4,5 %</b>

Det er eit samla meirforbruk på 17,4 millionar kroner for verksemdsområda (VO) i 2019, noko som er 4,5 prosent meir enn budsjettert netto utgifter. Det er størst meirforbruk ved Teknisk drift (minus 5,6 millionar kroner inkl. sjølvkostområda) og Institusjon (5,7 millionar kroner). Resultatet ved dei enkelte VO framgår av rekneskapskjema 1b og forklaringar på områder med vesentlege avvik framgår lengre bak i årsberetningen («Vesentlege budsjetttavvik»). Det blir i 2020 utarbeidd nye rutiner for budsjetttstyring og rapportering.

Frå 2014 er tilbakeført overskudd/overføring frå premiefond frå KLP knytt til pensjon ført utanom VO, på ansvar 806- premieavvik pensjon/pensjonsfond.

I 2019 var overføring frå premiefondet om lag 5,4 millionar kroner inkludert arbeidsgjevaravgift, noko som var om 765.000 kroner høgare enn budsjettt på 4,6 millionar kroner.

I tillegg vart pensjonspremien samla for KLP og SPK om lag 1,3 millionar kroner lågare enn budsjettert. Differansen er ført på ansvar 806 premieavvik/premiefond. Pensjonspremien (prosentatsen) er ført som budsjettert på verksemdsområda, men vil variere avhengig av lønskostnader. Samla er det mindrekostnader på 8,6 millionar kroner knytt til ansvar 806 pensjon, men 2,1 millionar kroner av

dette er relatert til strykning av avsetning til pensjonsfond (sjå også kommentar under avsnitt om disposisjonsfond).

### Lønsutgifter

Lønsutgifter på VO står i 2019 for 60,6 prosent (62,5 prosent i 2018) av brutto driftsutgifter i VO. Dersom vi tek med pensjon ført på ansvar 806 (ikkje premieavvik) utgjer lønsutgifter i 2019 59,5 % av brutto utgifter (61,0 % i 2018).

Det har vore netto lønsutgifter på VO på 356 millionar kroner, og det er 8,7 millionar kroner meir enn budsjettert. Inkluderer vi det som er ført på ansvar 806 er netto lønsutgifter 349 millionar kroner (6,7 millionar kroner meir enn budsjettert).

Netto lønsutgift er ikkje korrigerert for tilskot, refusjon frå staten/andre kommunar og liknande.

#### Oversikt løns-avvik rekneskap og regulert budsjettt ført på VO:

TYPE	MILLIONAR KRONER.
Lønn (fast og variabel)	-22,3 (meir kostnad enn budsjettert)
Refusjon NAV	+13,9 (meir inntekt enn budsjettert)
Pensjon og arb.g.avg. VO	-0,3 meir kostnad enn budsjettert)
<b>Sum netto lønn VO</b>	<b>-8,7 (meir kostnad enn budsjettert)</b>

### Premieavvik

Det reknast ut eit premieavvik, som er differansen mellom utrekna pensjonskostnad og premie-innbetaling. Vidare skal premieavviket førast som ei utgift/inntekt.

I 2018 var det eit positivt premieavvik (innbetaling til KLP/SPK mer enn kostnad) på 7,2 millionar kroner. Dette vart inntektsført i 2018 og avsett til pensjonsfond. Vidare vart premieavviket frå 2018 utgiftsført i 2019 finansiert med bruk av pensjonsfondet.

Positivt premieavvik for 2019 (innbetalt mer enn kostnad) er 11,4 millionar kroner. Dette er inntektsført i 2019 og premieavviket var opprinneleg avsatt til fond, men avsetninga vart redusert med 2,096 mill. kr. som følge av strykning etter rekneskapsmessig meirforbruk (sjå også kommentar under Disposisjonsfond samt note 13 til rekneskapsrapporten). Totalt er det dermed avsatt 9,269 mill. kr. av årets premieavvik. Premieavviket i 2019 skal utgiftsførast i 2020 med bruk av pensjonsfondet tilsvarande.


Pensjonsfondet er ved utgangen av 2019 på 19,4 millionar kroner (22,4 millionar kroner i 2018). Premieavviket blir ikkje ført på virksomhetsområda.

Det blir vist til KS-sak 18/03: Rekneskapsføring av pensjon – prinsippvedtak og fullmakt til håndtering av premieavvik. Her gjorde kommunestyret m.a. prinsippvedtak om å utgiftsføre/inntektsføre premieavviket i rekneskapsrapporten i det påfølgjande år (dvs. over ett år). Det er difor særskilt viktig å ha midlar på pensjonsfondet for å håndtere premieavviket.



### Skatteinntekter

Skatteinntektene viser slik utvikling dei siste åra (tal i 1000):



Skatteinngangen (skatt på formue og inntekt) er i 2019 163,4 millionar kroner og det er same nivå som i 2018. Skatteinngangen i 2019 er 1,3 millionar kroner ( 0,8 prosent) meir enn budsjett (162,1 millionar kroner). Naturressursskatten er 18,3 millionar kroner av skatteinngangen.

Eigedomsskatten er 37,8 millionar kroner, og det er 0,9 millionar kroner høgare enn budsjettert.

### Rammetilskott

I 2019 fekk kommunen totalt 189 millionar kroner i statleg ordinært rammetilskott inkl. netto inntektsutjamning og skjønnsmidlar. Dette er 3,8 millionar kroner meir enn budsjettert og skuldast hovudsakleg auka netto inntektsutjamning.

### Frie inntekter

Frie inntekter er sum av skatteinngang og rammetilskott. Tabellen viser at dette i 2019 utgjør 352,4 millionar kroner, og er 5,1 millionar kroner meir enn budsjettert:

TAL I 1000	REKN.19	BUDS.19	AVVIK 19
Rammetilsk.	177.823	177.958	-135
Ord.skjønns.	900	900	
Netto innt.utj.	10.279	6.325	3.954
<b>SUM RAMMET.</b>	<b>189.002</b>	<b>185.183</b>	<b>3.819</b>
Skatt	163.393	162.130	1.263
<b>FRIE INNTEKTER</b>	<b>352.395</b>	<b>347.313</b>	<b>5.082</b>

### Kraftinntekter

Kommunen har hatt slike inntekter knytt til kraft i 2019 (tal i tusen):

TAL I 1000	R-18	R-19	B-19	AVVIK
Konsesjonsavgift (avsett til kraftfond)	1.514	1.687	1.520	167
Eigedomsskatt frå kraftverk	22.979	21.722	21.000	722
Konsesjonskraft (netto inntekt)	9.407	10.164	8.460	1.704
Naturressursskatt*	18.855	18.278	19.000	-722
Utbytte	6.849	7.739	7.559	180
Renter av ansvarleg lån	3.179			
<b>SUM</b>	<b>62.783</b>	<b>59.590</b>	<b>57.539</b>	<b>2.051</b>


\*Inngår som ein del av samla skatteinntekter, som blir samordna.

Kommunedirektøren har fullmakt i økonomireglementet pkt. 4.4.5 og KS-sak 114/14 til å gjera avsetning til bufferfond prissikring kraft når det er meirinntekt på konsesjonskraft. Det er ikkje gjort slik avsetning i 2019. Saldo på fondet ved utgangen av 2019 er 2.795.000 kroner.

### Økonomiske nøkkeltall i driftsrekneskapan

Netto driftsresultat viser brutto driftsresultat korrigert for netto utgifter til renter og avdrag. Eit positivt netto driftsresultat gjør det mogleg å dekke delar av investeringane med driftsmidlar forutan at kommunen kan sette av midlar til oppbygging av eigenkapital.

Netto driftsresultat viser slik utvikling dei siste åra:



Netto driftsresultat for 2019 er minus 16,1 millionar kroner (-2,7 prosent), opprinneleg budsjett var plus 3,3 millionar kroner (0,6 prosent), og regulert budsjett er minus 15,6 millionar kroner (-2,9 prosent). Det rekneskapsmessige resultatet er null etter strykningar.

### Hovedsamansetning driftsresultat:

- › Netto på verksemdsområda: -17,4 millionar kroner («svikt» i.f.t. budsjett).
- › Pensjon (tilbakeført overskott/premie): + 4,0 millionar kroner (betre enn budsjett).

- › Konesjonskraft: +1,7 millionar kroner (betre enn budsjett).
- › Skatt/rammetilskott: + 5,1 millionar kroner (betre enn budsjett).
- › Eigedomsskatt: + 0,9 millionar kroner (betre enn budsjett).
- › Renteinntekter/utgifter, avdrag: + 2,3 millionar kroner (betre enn budsjett).
- › Gevinst aksjefond: +2,5 millionar kroner (betre enn budsjett).
- › Strykning av budsjettert overføring til investering +0,3 (betre enn budsjett).
- › Strykning av budsjettert avsetning til næringsfond, landbruksfond og renteavsetninger +0,6 (betre enn budsjett).

Netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene viser slik utvikling dei tre siste åra:

	REKNESK. 2017	REKNESK. 2018	REKNESK. 2019
Nord-Fron	2,1 %	-1,6 %	-2,76 %


Netto driftsresultat korrigert for premieavvik pensjon er -3,4 prosent i 2019 (-2,3 prosent i 2018), sjå «Økonomisk oversikt drift» i trykt rekneskap.

Det blir i 2020 utarbeidd nye rutiner for budsjettstyring og rapportering. Måltal for netto driftsresultat i Nord-Fron vil bli innarbeidd som del av revideringa av økonomireglementet i 2020.

Netto driftsresultat for 2019 er disponert slik (tal i 1000):

<b>AVSETNINGAR</b>	<b>22.780</b>
Bruk av avsetningar	-37.635
Bruk av overskott (tidl.år)	-1.193
Overf. til inv.rekneskap	0
Overskott	0
<b>SUM</b>	<b>-16.048</b>

Brutto utgifter til renter og avdrag viser slik utvikling dei siste åra (tall i 1000):



I 2019 har det vore utgifter på 37,9 millionar kroner til renter og avdrag (0,56 millionar kroner av dette i investeringsrekneskapen). Dette er 0,7 millionar kroner lågare enn budsjettert.

Brutto utgifter til renter og avdrag i prosent av driftsinntektene viser slik utvikling dei tre siste åra:

	REKNESK. 2017	REKNESK. 2018	REKNESK. 2019
Nord-Fron	6,4 %	6,1 %	6,4 %

### Investeringsrekneskapen

Investeringsrekneskapen viser på utgiftssida kva kommunen har nytta til investeringar, utlån, aksjar og avsetningar. Inntektssida omfattar finansiering av alle investeringsutgiftene; lån, fond, overføring frå driftsrekneskapen og refusjon/tilskott.

Tabellen viser brutto investeringsutgifter for dei 3 rammeområda i 2019:

TAL I 1000	REKNESKAP	REG.BUDS.	PROSENTVIS FORBRUK
IKT	673	1.000	67,3 %
Teknisk drift	80.741	90.763	89,0 %
Kulturbygg	0	0	0
<b>SUM</b>	<b>81.413</b>	<b>91.763</b>	<b>88,7 %</b>

Det er gjennomført investeringar for 81,4 millionar kroner, som utgjør 88,7 prosent av regulert budsjett.

Investeringsbudsjettet var regulert ned med til saman 75,4 millionar kroner i KS-sak 80/19 og 117/19.

I 2020 skal investeringsbudsjettet regulert opp att, saman med andre pågående prosjekt vidareført frå 2019. Finansieringa går ikkje utover tidlegare vedtatt budsjett og budsjettendringar.

Den prosentvise finansieringa av investeringane i 2017, 2018 og 2019 var slik:

	2017	2018	2019
Lånefinansiering	55 %	90,3 %	11,4 %
Eigenkapitalfinansiering	19 %	1,0 %	81,1 %
Refusjon/tilskott	26 %	8,7 %	7,5 %
<b>SUM</b>	<b>100 %</b>	<b>100 %</b>	<b>100 %</b>

Investeringar i 2019 vart i hovudsak finansiert med tidlegare motteke tilskott frå Husbanken (66 millionar kroner). Det er som følgje av strykningar i driftsrekneskapen ikkje ført overføring frå drift til investering i 2019. Dette var budsjettert med 300.000 kroner.

Kommunen har tidlegare år (2017 og 2016) inngått to avtaler som inneber justeringsrett, d.v.s. at momskompensasjonen knytt til investeringskostnadene blir fordelt over 10 år.

Den eine avtala vart inngått med Nordbohus i 2017, og gjeld Barrustmoen bustadområde. Samla momskompensasjon på prosjektet var 648.665 kroner, og 1/10 av dette (64.866 kroner) blir inntektsført i 10 år f.o.m. 2017.

Den andre avtala vart inngått med Vestsida fotballklubb i 2016 og gjeld overtaking av gang- og sykkelvei til ny fotballbane. Samla momskompensasjon var 1 million kroner, og 1/10 (100.000 kroner) blir inntektsført i 10 år f.o.m. 2016.

## LIKESTILLING

Arbeidet med likestilling i kommunen inngår som ein naturleg del av rekrutterings- og kompensearbeidet.

**Når det gjeld fordeling kvinner/menn er status per 31. desember 2019 slik:**

- › 1 av 5 i rådmannsleiinga er kvinner.
- › 9 av 14 virksomhetsleiarar er kvinner.
- › 83 prosent av arbeidsstokken er kvinner.

Det blir også vist til eigen tabell under vedlegg til årsrapporten som syner kjønnsfordeling innan ulike stillingar

## ETISK STANDARD

Kommunestyret har vedteke etiske retningslinjer for Nord-Fron kommune. Disse vart sist vedteke i desember 2012. Retningslinjene og teieplikterklæring blir sendt ut til nyttilsette saman med arbeidsavtala. Innkjøpsstrategi, vedteke av kommunestyre 23.3.17, KS-sak 25/17, har også eige punkt som omhandlar etisk handel.

Dei etiske retningslinjene har vore i fokus i 2019, som følgje av sak der ein tilsett la inn anbod på vintervedlikehald i kommunen. Konkurransa vart avlyst, og det vart som ein konsekvens av saka gjort vedtak om at dei etiske retningslinjene og innkjøpsreglementet skal reviderast (jf. FS-sak 92/19).

## DISKRIMINERING OG TILGJENGELIGHEIT

Fokuset på universell utforming blir ivareteke ved nybygg. I tillegg er det gjort oppgradering på eldre bygg der det er naturleg.

Det er ikkje nedfelt målsetting om at ein prosentvis del av arbeidstokken skal ha etnisk minoritetsbakgrunn, men kommunen har fleire tilsette med minoritetsbakgrunn innafor ulike yrkesgrupper. Ved ledige stillingar er det presisert i utlysningsteksta at kvalifiserte personar blir oppfordra til å søkje uansett alder, kjønn, funksjonsnedsetting eller etisk bakgrunn.

## INTERN KONTROLL

Kommunen bruker det webbaserte systemet QualityManager (Qm+) for bl.a. kvalitetsstyring, risikohåndtering og internkontroll inkl. lovpålagt oppfølging av helse, miljø og sikkerhet (HMS).

Alle med fast tilsetting har sin konto og kan mellom anna registrere/ sende inn meldingar om avvik frå gjeldande lovverk eller andre forhold knytt til arbeidsplassen.

**I 2019 vart det registrert og følgt opp:**

- › 230 avvik knytt til helse, miljø og sikkerhet (HMS).
- › 150 avvik knytt til omsorgstenesten.
- › 15 avvik knytt til varsling av kritikkverdige forhold på arbeidsplassen.
- › 20 avvik knytt til anna.

Totalt er det registrert/meldt 415 avvik i Qm+. Hovuddelen av avvika er knytt til HMS og omsorg. Det blir kvart år gjennomført vernerunde etter oppsett plan og alle tilsette får da tilsendt eit spørjeskjema med spørsmål knytt til HMS på arbeidsplassen. Dette blir administrert i Qm+. Kommunen har frå 2018 innført E-handel og det blir arbeid med å redusere talet på innkjøparar.

## ANDRE FORHOLD Finansforvaltning

Kommunen har eige finansreglement som beskriver fullmakter, rutiner m.m. for finansforvaltninga. Revidert Finansreglementet vart sist vedteke i kommunestyret i 19.6.2018, KS-sak 60/18.

Det blir utarbeidd eigen årsrapport for finansforvaltninga for 2019, og denne blir behandla i FS og KS i april/mai 2020.

I 2019 vart det inntektsført ein urealisert gevinst på aksjefond på om lag 3 millionar kroner, noko som var 2,5 millionar kroner meir enn budsjettert.

## Ekstraordinære skjønnsmidlar i samband med flom 2013

Sluttrapporter etter flaumen i 2013 vart sendt Fylkesmannen i Oppland i desember 2018. I 2019 vart det som følgje av dette betalt attende 1,457 millionar kroner til Staten (i tillegg vart det attendebetalt 6,579 millionar kroner i 2018). I 2019 har det, i tillegg til attendebetalinga til Staten, vore ført utgifter knytt til flaumen på 0,753 millionar kroner. Kostnadene er fullt ut finansiert med resterande skjønnsmidlar, som er avsett på bunde fond. Saldo på fondet pr. 31.12.19 er 1,135 millionar kroner og dette vil bli nytta til å finansiere det arbeidet som står att knytt til utbetringar etter flaumen. Alle kostnader i 2019 er ført på ansvar 143.

## Tilskott til ressurskrevjande tenester

Det er inntektsført krav om tilskott på om lag 10 mill. kroner til ressurskrevjande tenester i 2019. Refusjonen er ført på eigne funksjonar under ansvar 807, og er i hovudsak knytt til tenester innan Tenester for funksjonshemma.

## Tilskott til ikkje-kommunale barnehager

Tilskott til dei ikkje-kommunale barnehagane i 2019 utgjer 11,7 millionar kroner. Sentrum barnehage fekk utvida talet på plassar for barnehageåret 2018/2019, og det vart gjort ei auke i tilskottet frå august 2018 til august 2019 som følgje av dette, jf. KS-sak 70/18. Talet på plassar og tilskottet vart redusert att frå hausten 2019.

## Usikre forpliktelser og hendelser

Det blir vist til note nr. 18 i rekneskapen som omhandlar Vinstra motorsportarena. Når det gjeld Vinstra motorsportarena erverva kommunen eigedom til motorsportanlegget i 2012, og inngjekk samtidig avtale med klubben om vederlagsfri feste av eigedommen. Eigedommen til kommunen er dermed bandlagt og utan adgang til å gje avkastning så lenge det er motorsportanlegg på eigedommen og avtala ikkje blir mislighaldt. Leigeavtalen er for 40 år, men med moglegheit for forlengelse. Avtalen vart tinglese i 2013, og det er ei standard festeavtale for tinglysning av festerett. I tråd med til standardavtala kan festeretten pantsetast, og i avtalen vart det ikkje teke atterhald om at pantsetting ikkje var tillate utan etter samtykke. I utgangspunktet kunne klubben ha pantsett festeretten utan kommunens samtykke. For å sikre begrensa bruk av eigedommen er det laga ei påteikning til festeavtala som sikrar kommunen i forhold til nye pantsettingar og bruk av eigedommen. Kommunen sin risiko knytt til pant og festerett er difor begrensa. Det blir også vist til behandling i kommunestyret av saka, jf. KS-sak 54/17 og 103/17.

Når det gjeld garantien har kommunen gjort avtale med klubben for å sikre jamnleg informasjon om den økonomiske risikoen, for å kunne være i forkant dersom ein garanti blir påkalt.

Gjensidige forsikringselskap stevna i 2016 Nord-Fron kommune og KLP Skadeforsikring AS for retten for regresskrav etter flaumskade på bustadhus under flaumen i 2013. Lagmannsretten frikjende i 2019 Nord-Fron kommune og KLP Skadeforsikring AS, og saka er med det avslutta. Kostnader i samband med rettsaka har vorte dekkja av KLP.

## Register over kommunar og fylkeskommunar som er i økonomisk ubalanse - ROBEK

Nord-Fron kommune er ikkje ROBEK-kommune.

## VESENTLEGE BUDSJETTAVVIK

Vesentlege budsjettavvik er kommentert med utgangspunkt i rekneskapsskjema 1A og 1B i driftsrekneskapen og rekneskapsskjema 2A og 2B i investeringsrekneskapen.

Når det gjeld skjema 1B er samla avvik for området større enn 3 % kommentert. Områda hadde eit samla avvik på 17,4 millionar kroner (-4,5%) i 2019, og som følgje av det store avviket vil det i 2020 bli ytterlegare fokus på budsjettstyring og rapportering. Alle tal i oppstillinga under er i heile tusen.

### Rekneskapsskjema 1A

LINJE	REKNESKAP	REG. BUDSJETT	AVVIK
Sum frie disponible inntekter	-392.500	-386.355	6.145
<b>Meirinntekter på 6,1 mill. kr. skuldast i hovudsak følgjande:</b>			
<ul style="list-style-type: none"> <li>› 5,8 mill. kr. i meirinntekt knytt til skatt- og rammeinntekter (eks.naturressursskatt).</li> <li>› 0,9 mill. kr. i meirinntekt knytt til eigedomsskatt.</li> <li>› 0,6 mill. kr. mindre enn budsjetter knytt til konsesjonsavgift og naturressursskatt.</li> </ul>			
Netto finansinntekter/utgifter	22.906	27.710	4.804
<b>Netto mindre utgifter enn budsjettert på 4,8 mill. kr. er i hovudsak knytt til følgjande:</b>			
<ul style="list-style-type: none"> <li>› 1,7 mill. kr. i meirinntekt knytt til renter.</li> <li>› 2,5 mill. kr. i meirinntekt knytt til aksjefond.</li> <li>› 0,6 mill. kr. mindre i utgift enn budsjettert knytt til renter/avdrag til lån m.a. som følgje av redusert låneopptak i 2019.</li> </ul>			
Netto avsetningar	4.359	3.917	-442
Det er netto sett av 0,4 mill. kr. meir enn budsjettert. Bruk av bundne og ubundne avsetningar er i tråd med budsjett. Avsetning til bundne fond er 0,2 mill. kr. høgare enn budsjett (gjeld avsetning konsesjonsavgift til kraftfond). Avsetning til ubunden fond er 0,6 mill. kr. lågare enn budsjett som følgje av strykningar.			

### Rekneskapsskjema 1B

OMRÅDE/ANSVAR	REKNESKAP	REG. BUDSJETT	AVVIK
Rådmannsleiing	25.869	23.437	-2.432
Det er meirforbruk på 2,4 mill. kr. (-10,4 %) og skuldast i hovudsak følgjande : <ul style="list-style-type: none"> <li>› utgifter høgare enn budsjett til byfest.</li> <li>› høgare utgifter enn budsjett til private barnehagar og betaling for elevar som går på skule i andre kommunar.</li> <li>› ikkje budsjetterte utgifter til krisehandtering.</li> <li>› ikkje budsjetterte utgifter til leiarrekruttering.</li> </ul> I tillegg skuldast meirforbuket at effektiviseringskrav som gjeld heile organisasjonen er budsjettert på dette området (utgjør 1,5 mill. kr.).			
Stab pleie og omsorg	2.333	2.250	-83
Det er meirforbruk på 0,83 mill. kr. (-3,7 %) og det er knytt til oppstart av arbeid med tildelingskontor.			
Teknisk drift eks. flom	32.752	27.142	-5.610
Det er meirforbruk på 5,6 mill. kr. (-20,7 %). Dersom det blir korrigerert for sjølvkostnader er meirforbuket på 6,8 millionar kroner. Dette skuldast i hovudsak følgjande: <ul style="list-style-type: none"> <li>› utgifter vesentleg høgare enn budsjett knytt til vegvedlikehald.</li> <li>› utgifter vesenleg høgare enn budsjett knytt til straum.</li> <li>› utgifter høgare enn budsjett til tømning av bunnlastsperrere i Veikledalen / flaumsikring.</li> </ul>			
Areal og næring	10.612	11.635	1.023
Det er innsparing på 1,0 mill. kr. (+8,8 %) og skuldast i hovudsak følgjande: <ul style="list-style-type: none"> <li>› utgifter lågare enn budsjett knytt til løn, m.a. på grunn av vakansar.</li> <li>› utgifter lågare enn budsjettert til tiltaksarbeid.</li> </ul>			

Sørdorp skole	15.298	14.775	-523
Det er meirforbruk på 0,5 mill. kr. (- 3,5 %) og skuldast i hovudsak følgjande: > utgifter høgare enn budsjett knytt til løn for oppfølging av enkeltelevar.			
Kvam skole	10.180	9.384	-796
Det er meirforbruk på 0,8 mill. kr. (- 8,5 %) og skuldast i hovudsak følgjande: > utgifter høgare enn budsjett knytt til løn, m.a. på grunn av vikarkostnader som ikkje er refundert for sjukefråvær og oppfølging av enkeltelevar. > utgifter høgare enn budsjett knytt til fleire mindre driftspostar. Det gjeld m.a. leige av kopimaskin.			
Barhaug skole	14.302	13.651	-651
Det er meirforbruk på 0,7 mill. kr. (- 4,8 %) og skuldast i hovudsak følgjande: > utgifter høgare enn budsjett knytt til løn for oppfølging av enkeltelevar.			
Fellesområde barnehage	24.048	22.798	-1.250
Det er meirforbruk på 1,3 mill. kr. (- 5,5 %) og skuldast i hovudsak følgjande: > utgifter høgare enn budsjett knytt til løn som følgje av høgt sjukefråvær, oppfølging av enkeltbarn og bemanning for fleire barn frå 1. januar. > inntekter lågare enn budsjettet som følgje av at fleire familiar får gratis kjernetid og redusert foreldrebetaling.			
Kultur	17.188	17.761	573
Det er innsparing på 0,6 millionar kroner (+ 3,2 %) og skuldast i hovudsak følgjande : > utgifter lågare enn budsjettet til drift av kulturbygg. > utgifter lågare enn budsjettet til løn (m.a. ikkje erstatta fråvær).			
Forebyggende helsetenester	35.093	36.896	1.803
Det er innsparing på 1,8 mill. kr. (+ 4,9 %) og skuldast i hovudsak følgjande: > utgifter mindre enn budsjettet til fosterheimstiltak. Innsparinga er på 1,1 mill. kr. og inngår som del av det interkommunale samarbeidet knytt til barnevern (MGBV). > utgifter mindre enn budsjettet knytt til løn som følgje av vakanser m.a. ved sjukefråvær.			
NAV Midt-Gudbrandsdal	11.746	9.367	-2.379
Det er meirforbruk på 2,4 mill. kr. (- 25,4 %) og skuldast i hovudsak følgjande: > utgifter vesentleg høgare enn budsjettet knytt til personytingar (økonomisk sosialhjelp).			
Avdeling for Institusjonsomsorg	55.270	49.586	-5.685
Det er meirforbruk på 5,7 mill. kr. (- 11,5 %) og skuldast i hovudsak følgjande: > Utgifter vesentleg høgare enn budsjettet knytt til løn som følgje av høgt sjukefråvær (auka bruk av overtid og bruk av vikarbyrå). > Utgifter vesentleg høgare enn budsjettet knytt til løn for oppfølging av ressurskrevjande tenester/demensavdeling. > Utgifter høgare enn budsjettet knytt til utskifting og reparasjonar av utstyr ved kjøkkenet.			
Premieavvik/pensjonsfond – ansvar 806	-8.630	-4.642	3.988
Meirinntekt på 4,0 mill. kr. er knytt til : > meir inntekt enn budsjettet knytt til tilbakeført overskott/tilbakeført frå premiefond frå KLP (0,8 mill.kr). > mindre pensjonspremie enn budsjettet (1,1 mill.kr. etter korrigerer for adm.kostnader til SPK/KLP). > mindre avsett til dekning av neste års premieavvik som følgje av nullresultat etter strykningar (2,1 mill. kr.).			
Andre inntekter / utgifter – ansvar 807	-12.510	-12.518	-8
Resultat som budsjettet.			
Konsesjonskraft – ansvar 808	-10.164	-8.460	1.704
Det er meirinntekt knytt til netto sal av konsesjonskraft på om lag 1,7 mill. kr.			

## Rekneskapsskjema 2A

LINJE	REKNESKAP	REG. BUDSJETT	AVVIK
Investeringar i anleggsmidler	81.413	91.763	10.350
Det er brukt 10,3 mill. kr. mindre enn budsjett. For prosjekt som går over fleire år blir det lagt fram sak om overføring av restmidlar til 2020 saman med det som vart nedregulert i KS-sak 80/19 og 117/19.			
Utlån	640	3.000	2.360
Det er lånt ut 2,4 mill. kr. mindre enn budsjett til startlån. Det er gitt tre tilsagn som pr. 31.12.19 ikkje er utbetalt som følge av at søkjarane ikkje hadde funne passende bustad.			
Bruk av lånemidler	9.894	19.133	9.239
Det er brukt 9,2 mill. kr. mindre lånemidler enn budsjettet. Dette er i hovusak knytt til investeringsprosjekt som går over fleire år, der delar av kostnaden kjem seinare. Prosjekt som blir overført til 2020 vil bli delfinansiert med ubrukte lånemidler. I 2019 vart investeringsbudsjettet i hovudsak finansiert med tidlegare avsett tilskudd frå Husbanken.			
Mottatt avdrag på utlån og refusjonar	2.078	1.012	1.066
Det er motteke refusjonar og avdrag på lån på 1,1 mill. kr. meir enn budsjett. I hovusak gjeld dette: <ul style="list-style-type: none"> <li>&gt; meir i motteke refusjon/tilskott frå Staten enn budsjettet (NAV-kontor).</li> <li>&gt; meir i motteke refusjon/tilskott frå Fylket knytt til areal og transportplanprosjekt.</li> <li>&gt; mindre i refusjonar knytt til tomter enn budsjettet.</li> <li>&gt; meir i motteke avdrag på forvaltningslån (avsett til bunde fond).</li> </ul>			
Overført frå driftsrekneskapet	0	300	-300
Det er ikkje ført budsjettet overføring frå drift til investering som følge av strykning.			

## Rekneskapsskjema 2B

RAMMEOMRÅDE	REKNESKAP	REG. BUDSJETT	AVVIK
Investeringer teknikk, næring, eigedom	81.413	91.763	10.350
Sjå punkt om investeringar i anleggsmidler under rekneskapsskjema 2A.			



Furusjøen og Kvamsfjellet.



Teknisk VA-anlegg på Kvamsfjellet.

# FAKTORAR SOM VERKAR INN PÅ NESTE ØKONOMIPLAN (2020–2023)

## Økonomiplan – redusert handlingsrom

Vi har dei siste åra hatt *meirforbruk* på virksomhetsområda. I 2019 var det urovekkande høgt avvik mellom budsjett og rekneskap på mange av områda. Når vi ser vedtatt økonomiplan (20–23) i samanheng med resultatata (særleg for 2018 og 2019) blir handlefridomen sterkt svekka.

Formannskapet har bedt om at det blir utarbeidd nye rutinar for budsjettstyring og rapportering. Kommunedirektør arbeider saman med økonomisjef, sektorleiarar og leiarar for tenesteområda for å betre budsjettoppfølginga. Formannskapet skal i møte 1.4.20 bli orientert om korleis nye rutiner førebels blir lagt opp.

Omstillingsarbeidet som har hatt sterkt fokus i 2019 held fram i 2020. Som følge av reduksjon i antal stillingar innan administrasjon og leiging blir det færre til å koordinere/leie drift av ulike tenesteområder. Kommunedirektøren har vedtatt organisatorisk omlegging frå 2-nivåmodell (m.a. med kommunalsjefar og virksomhetsleiarar med sjølstendig budsjett og personalansvar) til ei *sektororganisering* med 3 sektorleiarar og leiarar av ulike tenesteområder frå 2020. Økonomi og personal er skilt ut som eigne tenesteområde. F.t. er det lagt opp til å ha 2 sektorsjefar; ein for oppvekst og ein for

helse. Leiging av sektor administrasjon skjer f.t. av kommunedirektør.

Kommunestyret har vedtatt eit *stramt driftsopplegg* for 2020–23. Pr. i dag er det ikkje grunn til å tru at kommunane får auka handlingsrom framover, noko vi skal ha fokus på når vi seinare i år skal arbeide med budsjettopplegg for 2021–24. Det er lagt til grunn at folkevalt nivå frå 2020 skal trekkast inn i budsjettarbeidet tidlegare enn kva som har våre vanleg seinare år.

## Demografi – folketalsutvikling

Mange kommunar opplever endring i samansetting av befolkninga. Heller ikkje vår kommune kjem utanom slik endring. Det blir lågare andel i yrkesaktiv alder og fleire eldre. Dersom vi ikkje får til vekst i innbyggartalet framover vil det påvirke overføringar frå staten negativt. Nivå på statlege overføringar vil ha konsekvens for kor sterk omstilling kommunestyret må legge til grunn i komande planperiode. Statleg politikk t.d. innafør eigedomsskatt er eit døme som har konsekvens for kommunalt handlingsrom framover.

## Næringsliv – sysselsetting

Kommunen har også i 2019 hatt låg arbeidsløyse (1,6% i 2018). Det har vore høg aktivitet innafør dei fleste næringar. Norsk landbruk er som anna næringsliv

prega av stor omstilling. Bruk av ny teknologi har seinare år kome sterkt inn i landbruket, samtidig med at det er nedgang i antal heiltidsgardbrukarar.

Kommunen er ikkje av dei største i Innlandet som har høgt antal fritidsbustader samanlikna med fast busetting. Men vi har ein moderat vekst innafør fritidsmarknaden. Det har stor og viktig sysselsettingsverknad. Fritidsmarknaden gir gode bidrag til sysselsetting innafør fleire næringar, t.d. bygg og anlegg og handel. Vi skal halde fram med tiltak som har som mål å få deltidsinnbyggjarar til å vere lengre i kommunen / regionen. Det har som konsekvens at infrastruktur inkludert også helsetenester må tilpassat på fleire oppheld seg i kommunen i større del av året enn tidlegare.

## Arealbruk – kommuneplan

Vi har ein samfunnsdel av kommuneplanen frå 2017 og arealdel frå 2018. I løpet av 2020 skal kommunen ta stilling til ny/oppdatert planstrategi. Her må kommunestyret ta stilling til omfang av revisjon av gjeldande planer. Det kan bli utfordrande å få til fullgode prosessar i ei tid med færre ressursar t.d. innafør planlegging. Pr. i dag ser ikkje kommunedirektør at det er formålstenleg med full revisjon av kommuneplanen komande år.



Kommunen har vedtatt at det skal satsast på Vinstra. Det skal utviklast eit nytt sentrum; Vinstra sentrum vest, der det er ambisjon om å utvikle areal som gir grunnlag for trivsel i nærleik av handel og offentlege tilbod som vidaregåande skole og kommunale tenesteleveranser. Ved inngangen til 2020 har vi kome i gang med detaljregulering av området. Godkjent reguleringsplan er ein føresetnad for å utvikle sentrum framover.

### **Kommuneorganisasjon**

Kommunen er viktig som leverandør av kommunal velferd. I hovudsak har vi god tilgang på kompetanse, sjølv om det på nokre områder ikkje er stor konkurranse om arbeidsplassar.

Kommunen som arbeidsgivar har i 2019 lågare sjukefråver (9,5% i 2018) enn førre år. Det har vore auka fokus på fråversarbeid siste år, og kanskje ser vi resultat av arbeidet i tala for 2019.

### **Interkommunalt samarbeid – framtidig struktur**

I 2019/2020 har kommunane i regionen sett i verk felles NAV kontor. Det har blitt eit sterkt fagleg miljø etablert i tidsriktige lokale på Vinstra som skal tene brukarane i Midtdalen på ein god måte. Vidare har felles barnevern og felles flyktningadministrasjon kome godt i gang i 2019.

Pr 1.4.20 veit vi ikkje korleis staten vil ha utvikling av kommunesektoren framover. Men vi bør vere førebudd på at staten held fram med sine krav/forventningar om ein anna struktur. På kort sikt vil det skje ved bruk av økonomiske verkemiddel.

### **Covid-19 pandemi**

Frå mars mnd. 2020 kom Corona smitte til vårt område. Heile kommuneorganisasjonen og storparten av lokalt/regionalt næringsliv er sterkt påverka av situasjonen. Krisa vil når ho etter kvart truleg «går over» påverka samfunnet. Vi risikerer at delar av eksisterande næringsliv vil ha vanskar med vidare drift. Det vil kome krav om auka sjølforsyning av medisinar og truleg får vi ein diskusjon om i kva omfang kan nasjonen gjøre seg mindre sårbar i komande kriser. Samtidig er det urealistisk å tru at nasjonar skal klare seg aleine utan samkvem med andre land.

Krisa har også resultert i utfordringar mellom kommunar, m.a. har smittevurderingar gjort at nokre regionar ønsker å stenge for dialog/kontakt med andre delar av landet, og det har kome lokale karanteneroglar som ma. staten ikkje er nøgd med. Kommunedirektør trur t.d. at helsetenester i landet i større grad enn til no må tilpassast at vi har ei befolkning som grunna høg mobilitet/ mange deltidssinnbyggjarar som følgje av vekst i antal fritidsbustader, oppheld

seg i andre delar av landet enn formell bustadkommune i større omfang enn tidlegare.

Ved at kommunens økonomiske handlefridom er sterkt redusert er det avgrensa evne kommunen har til å engasjere seg sterkt i aktuelle motkonjunkturtiltak dersom det ikkje kommer ei statlig tiltakspakke med tilstrekkelige midler til å forsere/sette i gang nye tiltak som bidrar til økt sysselsetting.

Vi har eit høgt regulert investeringsnivå for 2020, men mange av prosjekta avheng av anbodsprosessar og godkjente planar før iverksetting. Moglege tiltak skal vurderast framover vår/sommaren 2020, og det er håp om at vi kan framskande enkelte tiltak. Det er også eit spm. ved mogleg omprioritering av arbeidsoppgåver blant aktuelle medarbeidarar.

# Rådmannsleinga

## VIKTIGE SAKER OG HENDINGAR

- › Beredskap
- › Omstilling og ombygging
- › Arrangement

## OPPGÅVER OG TENESTER

Rådmannsleinga har eit samla overordna administrativt ansvar for alle område i Nord-Fron kommune.

### BEREDSKAP

Den tragiske hendlinga i oktober 2018, der ei 16 år gamal jente mista livet i eit knivdrap, har naturlegvis prega kommunen og heile lokalsamfunnet i 2019. Særleg i samband med rettsaka i juni 2019, der saka fekk mykje mediemerksmd.

I juli månad vart kriseleinga på nytt kalla inn, då ein gjest på countryfestivalen mista livet i ei tragisk brannulykke. I august vart lokalsamfunnet på nytt rysta då det skjedde eit nytt drap, der ein mann i 30-åra tok livet av ei mann i 60-åra.

I november månad førte fylkesmannen tilsyn med beredskapsområdet. Kommunen fekk pålegg om å utarbeide ny heilskapleg ROS. Dette arbeidet tar til i 2020.

### OMSTILLING OG OMBYGGING

Store delar av kommunestyrets effektiviseringsvedtak frå 2018- og 2019 budsjettet har vorte realisert i 2019. Administrasjonen har redusert bemanninga med 8,75 årsverk i løpet av året. Dette vart løyst gjennom naturleg avgang. Samtidig har vi redusert 10 leiarstillingar, der nokre har gått av med pensjon og andre har gått over i andre roller.

Interkommunalt samarbeid mellom Midt-Gudbrandsdalskommunane innafor NAV, barnevern og flyktningskontor vart iverksatt frå 1.1.2019. Nord-Fron kommune med ansvar for NAV Midt-Gudbrandsdal har gjennom året arbeidd for å få på plass gode lokale for tenesta, medan dei midlertidig har hatt tilhald i leigde lokaler. Omfattande ombygging har vore gjort og i desember månad flytta omlag 30 tilsette inn i nye og funksjonelle lokaler i 2. etasje på kommunehuset.

### ARRANGEMENTSÅRET

Også i 2019 har det vore gjennomført fleire store og vellykka arrangement i Nord-Fron kommune. Både Peer Gynt stemnet, Countryfestival, Rondaståk og Furusjøen Rundt kan sjå attende på nok eit vellukka år. Nord-Fron kommune er takksam for at desse arrangementa blir gjennomført i vår kommune og stolt av alle dei dyktige arrangørane.

Byfesten 2019 skapte nok ein gong stoltheit, optimisme og framtidstru. Med nær 3.000 gjester kan vi slå fast at våre innbyggjarar fortsatt sett pris på dette arrangementet.

## MÅL OG MÅLOPPNÅING 2019

### Alle virksomhetsområder skal halde seg innafor budsjett.

Samla vart det eit negativt avvik på -4,5 % på våre virksomhetsområde. Vi har difor ikkje nådd målet i 2019 og det blir iverksett fleire tiltak for å betre denne situasjonen for 2020.

### Vi skal ha høg trivsel.

Det er ikkje meldt om alvorlege HMS-avvik og heller ikkje løfta fram større avvik gjennom vernerunder. Totalt sjukefråvær i Nord-Fron kommune for 2019 viser 8,3 %. Dette er ein betydelig nedgang frå 9,5 % i 2018. I løpet av 2019 har vi fått på plass lokale arbeidsmiljøutvalg på alle arbeidsplassar.

### Ha eit godt omdømme og vere blant dei 60 beste kommunane på Kommunebarometeret

Tal frå Kommunal Rapport viser at Nord-Fron havnar på ein 143. plass i 2019 (i 2018 var vi på 165. plass). Viss vi ikkje tek omsyn til frådrag for økonomiske føresetnader så er Nord-Fron på 85. plass (mot 91. plass i 2018). Vi har med plasseringa ikkje oppnådd målsettinga om «Topp 50», men i følge Kommunal Rapport så er nøkkeltala til Nord-Fron samla sett klart betre enn normalen i kommune-Norge.

### Vi skal arbeide med forebyggande beredskapsarbeid og internkontroll.

Nord-Fron kommune har hatt mykje arbeid med å følgje opp konkrete hendingar innafor beredskapsarbeidet. Det har difor ikkje vore like mykje tid til å følgje årshjulet i 2019.

## ØKONOMISK RESULTAT

TAL I 1000	R-18	B-19	R-19	AVVIK B19-R19
NETTO UTGIFT	24.729	23.437	25.869	-2.432

Meirforbruket er i hovudsak knytt til (ca. tal i 1000):

- › Utgifter til kriseteam ut over budsjett (160)
- › Bistand til leiarrekruttering (100)
- › Utgifter til Byfest ut over budsjett (300)
- › Tilskott til private barnehagar over budsjett (760) og betaling for elever til andre kommunar (200).
- › I tillegg inngår ansvar 120 Omstilling i budsjettet for Rådmannsleing. Her låg det ei forventa innsparing på kr. 950.000 i 2019.

## SJUKEFRÅVÆR

2017	2018	2019
0,0 %	0,0 %	0,0 %

# Stab

## VIKTIGE SAKER OG HENDINGAR

- › Nedbemanning og ny organisering.
- › Ny heimeside.
- › INNOFF samarbeid avslutta.
- › Kommunevalg.

## OPPGÅVER OG TENESTER

Stab består i hovedsak av tenester innanfor økonomi, personal (HR), IKT, informasjon, arkiv, juridisk rådgivning, beredskapskoordinering og politisk sekretariat. Helsetenestene har eigen stab lokalisert på Sundheim, som tek for seg oppgåver som er særleine for helsesektoren.

### NEDBEMANNING OG NY ORGANISERING

Som følge av omstillingsarbeidet i kommunen reduserte stab sin arbeidsstyrke med 1,6 årsverk i løpet av 2019. Dette vart løyst gjennom naturleg avgang, då to tilsette gjekk av heilt eller delvis med pensjon.

Samtidig er oppgåver fordelt etter ny organisasjonsmodell, og stab slik den har vore i 2019 vil vere oppløyst frå 1. januar 2020.

### NY HEIMESIDE

Nord-Fron kommune si heimeside vart fornya frå 15. oktober 2019. Det var då 5 år sidan sist og det var lenge sett eit behov for å få gjort forbetringar på sida. Undervegs i arbeidet trekte vi inn innbyggjarar som fekk testa sida før vi lanserte. Chatroboten Kommune-Kari er framleis tilgjengeleg og svarar på spørsmål heile døgnet. Målet er å sørge for at innbyggjarar finn det dei er ute etter og får løyst sine behov på ein effektiv måte.

### INNKJØSSAMARBEID AVSLUTTA

Innkjøpssamarbeidet INNOFF, som har vore eit samarbeid mellom Oppland fylkeskommune, Lillehammer, Øyer, Gausdal, Ringebu, Sør-Fron og Nord-Fron kommunar vart avslutta. Kommunane vil framleis kunne samarbeide om innkjøpsarbeid, utan eit formalisert og forpliktande samarbeid.

Av store anbuds konkurranser i 2019 kan nemnast brøyting, salg- og skjenkekontroll, personforsikring, tolketenester og arbeidstøy.

### KOMMUNEVAL

Valgjennomføring er eit omfattande og ressurskrevjande arbeid. Valavviklinga vart gjennomført på ein effektiv måte utan avvik i Nord-Fron.

## MÅL OG MÅLOPPNÅING 2019

<b>Vi skal levere gode førstelinjetenester til innbyggjarane våre</b>
Stab har satsa aktivt og vidareutvikla digital kommunikasjon med innbyggjarane.
<b>Vi skal vere eit godt støtteapparat for dei ulike virksomhetsområda og den administrative og politiske leiinga</b>
Virksomhetsleiarar gir oss tilbakemelding på at stab er eit godt støtteapparat.
<b>Vi skal arbeide løysingsorientert og tørje å ta i bruk verktøy og metodar for ei stadig betre og meir effektiv oppgøveløysing.</b>
Endringsviljen i stab er stor og dei tilsette er stort sett uredde for å ta i bruk nye løysingar. Arbeid med personvernlovgivning (GDPR) har gitt oss god oversikt over alle digitale verktøy.

## ØKONOMISK RESULTAT

ANSVAR	R-18	B-19	R-19	AVVIK (B19–R19)
NETTO UTGIFT	22.429	21.955	21.517	438

Mindreforbruk er knytt til noko vakansar og mindre utgifter enn budsjettet til lærlingar.

## SJUKEFRÅVÆR

### STAB

2017	2018	2019
8,1 %	2,6 %	4,1 %



Opplæring på pumpestasjonsanlegg VA Kvamsfjellet.

# Teknisk drift

## VIKTIGE SAKER OG HENDINGAR

- › Utbetring av FEWAGO-ledningen har pågått gjennom delar av året for å sørge for tetting mot innlekkasje.
- › Det pågår utbygging av vatn og avlaup på Kvamsfjellet og leidningsnettet er pr 31.12.19 delvis tatt i bruk, men ikkje fullt ut ferdigstilt.
- › Ombygging av 2.etasje på kommunehuset for NAV Midt-Gudbrandsdal.
- › Plan- og designkonkurransse for Vinstra Park.
- › Planlegging av sikringstiltak for delar av Givra har pågått for fullt.

## OPPGÅVER OG TENESTER

### VASSFORSYNING OG AVLAUP

#### Større tiltak i 2019:

- › Rehab vatn og avlaup Kvam + vatn/-avlaup Skåbu (Kamssetervegen).
- › Arbeid med å redusere innlekkning på FEWAGO-ledningen.
- › Arbeid med VA-Furusjøen har pågått for fullt heile 2019.

### VEGAR OG TRAFIKKSIKKERHEIT

Det er stor attgroing av areala inntil våre vegar, og dette er ei stor utfordring med tanke på trafiksikkerhet og vedlikehald.

### KART OG OPPMÅLING

Det er utført 73 delingssaker, 8 grensejusteringar, 4 grenseganger, 16 samanføyingar, 1 arealoverføringer og 2 seksjoneringer som gir totalt 101 saker i 2019, mot 98 i 2018.

Jobben med å plassere matrikelnummer på rett teig går fortløpande. Dette er ein naturleg del av arbeidet med å gjera kartverket betre. E6 trase er lagt inn etter oppmålinger frå Statens vegvesen. Det er matrikulert en del jordskiftesaker blant annet Lågen saken.

Fleire teiger er lagt inn med fleire matrikelnummer. Dette er så langt det let seg gjera separert særleg på jordbruk.

### PARKANLEGG

I 2019 er det brukt om lag som budsjettert på vedlikehald av parkanlegga. Rekneskapsførte utgifter er på 1.014.809 kroner, medan budsjettet i 2019 var på 979.000 kroner.

### EIGEDOMSFORVALTNING

Av større byggje- og vedlikehaldsprosjekt i 2019 kan nemnast:

- › Ombygging av 2.etasje på kommunehuset for NAV Midt-Gudbrandsdal.
- › Tilbygg til Ruste barnehage med ny inngang og plass til barnevognar.
- › Tilrettelegging for elevar med spesielle behov ved Vinstra ungdomsskole og Barhaug skole.
- › Utviding av kantina ved Vinstra ungdomsskole.
- › Rehabilitering avlastningsbustad i Givravegen.
- › Utskifting av varmpumper på Nordre Byre.
- › Utskifting og etterisolering av fasader ved Givravegen 1 (TFF).

### VAKTMEISTEROPPGÅVER

2019 har vore eit normalt arbeidsår der det er utført mykje arbeid med vedlikehald og oppussing av skuler, barnehagar, kommunale bustader og andre kommunale bygg både på uteområda og inne.

## REINHOLD OG VASKERI

Nord-Fron kommune har ein høg standard på reinholdet i sine bygg.

22 av våre 31 tilsette reinholdarar i Teknisk drift har fagbrev i reinholdsoperatørfaget. Av vikarene våre er det 3 stk med fagbrev og 3 er i gang med fagbrev nå. Dette er veldig positivt.

Rekruttering av nye reinholdarar har vore krevjande, men det ser ut til at dette snur i positiv retning. I dagens reinhold har vi metoder og utstyr som gjer at slitasjeskader og belastningar blir mindre.

Med satsing på innkjøp av fleire maskiner, kan fleire stå i arbeid i mange år fordi maskinkjøring lettar arbeidet med reinhold betraktelig.

Riktig utstyr og flinke medarbeidarar gjer at vi kan ta vare på den kommunale bygningsmassa og vere stolte av den reinholdsjobben som blir gjort i Nord-Fron kommune.

Etter at vi opna nybygget på Sundheim har vi fått ein del meir areal enn tidligeare, men vi prøver oss fram og kan ta større areal med meir maskinelt reinhold.

Med innsparingskrav på teknisk drift har vi ein kontinuerleg gjennomgang av reinholdet for å sjå på bl.a. redusert frekvens når vi har ledige heimlar.

Nord-Fron kommune har tatt i bruk FDV-bygg (forvaltning, drift og vedlikehold) der vi har kjøpt inn reinholdsmodule.

## STØRRE INNKJØP

Det er gjennomført nokre større innkjøp som er regulert gjennom «Lov om offentlige anskaffelser» og nokre av desse er nemnt nedanfor:

- › Plan- og designkonkurrans for Vinstra Park.
- › Furusjøen vassverk – entrepriser på prosess og inntaksledning.
- › Rammeavtale Slamtømming av separate avløpsanlegg.

Innanfor INNOFF-samarbeidet/Stab har det m.a. blitt nye avtaler på:

- › Rammeavtale Rådgjevartenester.
- › Rammeavtale på håndverkerteneste (elektrikar).

I tillegg er det kjørt fleire minikonkurransar i samband med inggatte rammeavtalar på håndverkertenester og graveentreprise. Ein ser at arbeid med innkjøp krev god kompetanse og er tidkrevjande.

## TOMTEOMRÅDE

Det er i 2019 seld 1 tomt i Nedre Solhellinga, og 1 tomt på Midtmoen. Det pågår forhandlingar om grunnkjøp for Øvre Tokse med planlagt oppstart hausten 2020.

## EIGEDOMSSKATT

Det vart innført eigedomsskatt i heile kommunen frå 2011. 2019 har meir eller mindre vore eit normalt arbeidsår. Det blei vedteke at vi vel å ta kontorjustering eit par år i staden for å starte med full omtaksring att frå 2020. Det kjem kvart år nye endringar frå Stortinget som gjer at vi må tilpasse oss desse. Dette skapar ein del meirarbeid. I tillegg har det vore mykje arbeid med klaga frå Statnett også dette året med mykje ekstra arbeid og store kostnader. Det er ein person som arbeider i 50 prosent stilling med desse oppgåvene, men for å få alle oppgåvene gjort er det leigd inn noko ekstra kapasitet.

## RENOVASJON OG BRANNVERN/FEIING

Renovasjonsordninga og brannvern/feieing har i 2019 fungert godt. Dette blir ivareteke av dei interkommunale selskapa Midt Gudbrandsdal Renovasjonsselskap (MGR) og Midt Gudbrandsdal brann- og feiarvesen (MGB).

## KONSEKVEN SAR AV FLAUMEN I 2013

Tiltaka som er ei følge av flaumen har ført til generelt meirarbeid slik at nødvendig planlegging av framtidige tiltak har vore på etterskot. Vi har nå avslutta dei fleste av desse tiltaka og har hatt eit meir normalt år.

Det er oppretta eit eige kostnadsanr, plassert under TD, for føring av alle kostnader relatert til flaumen. I 2019 har det vore ført driftskostnader knytt til flaumen på kr. 753.000. I tillegg er det attendebetalt kr. 1,457 mill. kr. til staten som følge av sluttrapport etter flaumen. Sjå også « Under andre forhold » i årsberetninga.

## MÅL OG MÅLOPPNÅING 2019

### **Oppretthalde god kvalitet på kommunale vegar både sommar og vinter**

Det har vore store utfordringer med attgroing av kommunale vegar. Vintervedlikeholdet tek ein stor del av våre tildelte midlar for vedlikehold, slik at det går utover andre oppgåver som skulle vore utført på våre vegar.

### **Drive vassforsyninga utan store avbrot eller problem elles**

Utover nokre vassleidningsbrot har det ikkje vore store problem med vassforsyninga i 2019.

### **Drive avløpsnett og reinseanlegga utan alvorleg forureining av det ytre miljø**

Det har ikkje vore store problem med avløpsnett i 2019, utanom stor innlekking av smeltevatn. Det har ikkje vore nokon langvarige konsekvensar for abonnentane eller det ytre miljø.

## ØKONOMISK RESULTAT

TAL I 1000	R-18	R-19	B-19	AVVIK B19-R19
Netto driftsutgift	31.193	32.752	27.142	-5.610
Brutto investeringsutgift	50.613	81.413	91.763	10.350

Driftsrekneskapan viser eit meirforbruk på 5,6. Dersom det blir korrigerert for sjølvkostnader er meirforbruket på 6,8 millionar kroner.

Hovudårsaker er meirkostnader knytt til vegvedlikehold og straum, samt meirkostnader knytt til tømming av bunnlastsperrene i Veikledalen.

## SJUKEFRÅVÆR

2017	2018	2019
10,4 %	9,2 %	5,7 %

# Areal og næring (AN)

## VIKTIGE SAKER OG HENDINGAR

- Prosjektet «Vinstra 2046» blir vidareført gjennom ei samarbeidsavtale for 2019 – 2023 mellom Nord-Fron kommune, Fylkesmannen i Innlandet, Innlandet Fylkeskommune, Statens Vegvesen Region Øst og Midt-Gudbrandsdal Næringsforening. Det er utarbeidd ein handlingsplan basert på tiltak i strategirapporten 29.11.2018. Samarbeidsavtale og handlingsplan vart vedtatt av kommunestyret i møte den 15.10.2019.
- Området ved Vinstrahallen - kalla Vinstra Park - er sentralt for utvikling av Vinstra sentrum og her skal det utarbeidast reguleringsplanar. Flaumbekken Givra er det første som må regulerast og prosjekterast. Delen av Givra ovanfor Skåbuvegen og nedanfor Sundheimsvegen vart prioritert i 2019. Det vart i 2019 gjennomført ei arkitektkonkurranse for å sjå samla på den beste løysinga av viktige element, inkl. flaumbekken Givra.
- På Kvam er det jobba med nytt kryssingsspor som opna i midten av november 2019. Kommunen var ikkje involvert i prosjektet, men næringslivet har nytt godt av den store aktiviteten.
- I konflikt mellom beitenæring og rovdyr har landbrukskontoret vore svært aktive. Om ikkje alle resultat er som ønska frå alle partar vel vi å tru at kommunen blir opplevd som ein viktig medspelar for næringa.

## OPPGÅVER OG TENESTER

Området Areal og Næring består av tenester innen byggesak, miljø, reguleringsplanar, kartteneste, næring og landbruk. Areal og Næring har fokus på å yte service overfor dei som vender seg til kommunen inna vårt tenestefelt. Fokus er også å levere korrekte saker til politisk eller delegert behandling og for vidare oppfølging.

Ledige stillingar som byggesaksbehandlar og jordbrukssjef vart ikkje umiddelbart lyst ut då dette gav ei opning for å tenkje nytt i samband med pågående arbeid med omorganisering. Dette medførte ei nødvendig prioritering på saksbehandling framfor kundeservice på telefon og e-post.

Mot slutten av året vart omorganisering framskunda med overføring av nokre ansvarsområde til nytt tenesteområde, samt at ny byggesaksbehandlar vart tilsett.

## PLANARBEID

Planarbeid er viktig og utfordrande - både i utarbeiding og i bruk - ut frå at det er premissgjevande for mogleghetar og aktivitet. Motsegner frå styresmakter skal høyrast og bli behandla saman med innspel og ønskje frå brukarar.

Det har vore mye aktivitet på plansida med fleire større og mindre endringar i eksisterande planar. Kapasiteten har ikkje vore på same nivå som tidlegare år. Det har vore fleire tunge og krevjande saker m.a. regulering av Givra. Det har i 2019 vore færre vedtatte planar samanlikna med tidlegare år.

## LANDBRUK

Landbruksnæringa er ei stor og viktig næring i Nord-Fron. 2019 har vore eit normalår for landbruket når det gjeld

avlingsnivå. Aktiviteten i skogbruket var god, spesielt innanfor skogsvegbygging. Det er ein liten nedgang i antal foretak i landbruket, men tilførsel av tilskuddsmidlar viser ei auke. Auka skuldast i hovudsak meir tilførte midlar når det gjeld produksjonstilskudd, regionalt miljøprogram og skogsvegbygging.

## HYTTEPOLITIKK

Hytter, hytteeigarar og brukarar er viktig for kommunen. Vi skal ha god service overfor hytteutbyggarar og eigarar gjennom forutsigbare reguleringsplanar, kommunal infrastruktur, god naturforvaltning og tilrettelagte turmogleghetar sommar og vinter.

Også i 2019 vart det gjennomført møte med fritidsinnbyggjarar. I Skåbu og på Kvamsfjellet vart møta gjennomført i påska. På Sødorpjellet og på Fefor vart det gjennomført i haustferien.

## NÆRINGSUTVIKLING

Næringsfondet har også i 2019 blitt brukt godt for å støtte nyetableringar og utviklingsprosjekt.

Kommunen har nærast ingen eigne næringstomter å tilby, og dei største privateigde næringsareala manglar stort sett detaljregulering. Spørsmål om areal har stort sett vore om lagerplass. Det har også vore jobba for etablering i fabrikk på Kvam utan at det har lykkast.

Næringsapparatet jobbar også saman med dei 2 andre kommunane i regionen i fellesprosjekt der fiberutbygging er eitt av fleire. Det ser no ut til at flere husstandar kan få tilbud om fibertilkobling ut frå meir offentleg støtte, herunder at kommunestyret har vedtatt å gå inn med midlar.

## MÅL OG MÅLOPPNÅING 2019

**Byggesaksbehandling: Svare på søknader og spørsmål innan lovpålagte fristar. Standardsøknader skal det svarast på innan to veker**

Antal byggesaker i 2019 hadde ein liten nedgang i forhold til 2018. Det er mange tilbygg/uthus spesielt knytt til oppgradering av hytter med innlegging av vatn og kloakk. Søknader og lovpålagte svar er prioritert, men i 2019 vart det fleire saker med oversitting av frist.

**Reguleringsplanar: Oppdatere og følgje vedteken framdriftsplan for plansaker. Melde frå fortløpande om endringar ut frå nødvendig fleksibilitet og prioritering**

Færre planar er kome til vedtak i 2019. Private planinitiativ er følgd opp. Det er gjennomført møte med grunneigarar vedr. krav til realisering av nye hytteområde etter krav i kommuneplanen.

**Økonomi: Regnskap/budsjett: Jobbe innafor budsjett**

Virksomheitsområdet har hatt god kontroll og oversikt gjennom året. For året har det vore eit underforbruk noko som for det meste skuldast ubesatte stillingar som igjen har ført til mindre aktivitet.


## ØKONOMISK RESULTAT

TAL I 1000	R-18	B-19	R-19	AVVIK B19-R19
NETTO UTGIFT	11. 238	11. 635	10. 612	1. 023

Mindreforbruket er i hovudsak knytt til vakante stillingar, noko som også har gitt noko mindre aktivitet.

## SJUKEFRÅVÆR

2017	2018	2019
2,3 %	0,6 %	3,3 %



Jorde nedanfor Nysætra på Sødorpfjellet.



Skoleavslutning i juni på Skåbu oppvekst.

# Skole

## VIKTIGE SAKER OG HENDINGAR

- › Ein rektor og fem lærarar fullførte vidareutdanning på 30 studiepoeng eller meir i 2019.
- › Sju lærarar byrja på vidareutdanning august 2019.
- › Tilstandsrapport for oppvekst (skule og barnehage) vart teke til orientering i kommunestyret hausten 2019.
- › Alle skolane og barnehagane i Nord-Fron var med i prosjektet «Inkluderande barnehage- og skulemiljø» gjennom Utdanningsdirektoratet.
- › Ungdomssteget ved Skåbu oppvekst vart nedlagt sommaren 2019.

## TENESTER OG OPPGÅVER

Tre barneskolar, ein ungdomsskole og eit oppvekstsenter.

### RESSURSTILDELING SKOLE

Modell for utrekning og tildeling av timar fastsett skulen sine samla ressursar ut frå elevtal i tillegg til ein fast tildeling for kvart skuleslag.

### SKOLEFRITIDSORDNING, SFO

Alle barneskolane hadde tilbod om SFO for elevane på 1.-4.årssteg. 1.og 2.klassingane hadde tilbod om heildags-SFO på onsdagar. Dette tilbodet blir gjeve av ein skole for alle elevane i kommunen. Det var tilbod om sommar SFO i fire veker sommaren 2019.



# Vinstra ungdomsskole

## VIKTIGE SAKER OG HENDINGAR

- Frå hausten 2019 vart Vinstra ungdomsskole Nord-Fron kommune sin einaste ungdomsskole; med Skåbu oppvekst sine ungdomsskoleelevar har vi no samla alle dei 203 ungdomsskoleelevene i kommunen på ein stad.
- Vinstra ungdomsskole har dei siste åra fokusert på å få redusert mobbing. Elevundersøkinga viser at 6,3 % av alle elevane opplever krenking og mobbing 2-3 gonger eller oftare i månaden. Dette er framleis for mykje, men vesentleg betre enn tidlegare år. Vi vil alltid ha ein nullvisjon, men er stolte og glade over at vi i 2019 ligg under det nasjonale gjennomsnittet på 6,5%.
- I 2019 vart *Plan for trygt og godt barnehage- og skulemiljø utarbeidt*; ei rettleiing for systematisk arbeid for å sikre at alle barnehagebarn og elevar i Nord-Fron har det trygt og godt i barnehage og skule. Vinstra ungdomsskole har brukt mykje tid på å gjennomgå planen, og trygge dei tilsette ytterlegare i dette arbeidet.
- Nord-Fron kommune var ein av dei tre nominerte til Årets MOT-kommune på lldsjelsamlinga i MOT i september 2019. Delegasjonen med Unge MOTivatorar, MOTcoach og MOTrektor var kjempestolte over nominasjonen!
- Vinstra ungdomsskole deltok på den verdsomfattande klimamarkeringa fredag 20. september. Elevane brukte ein halv skuledag på å diskutere og informere seg fram til flotte parolar og info-plakatar.

## OPPGÅVER OG TENESTER

- Verksemdsområde VUS består av 8.-10.trinn i grunnskulen, og får sine elevar frå dei fire barneskulane i Nord-Fron.
- VUS sin visjon er «Ein god stad å vere. Ein god stad å lære.» Alt vi gjer er for å oppretthalde eller forbetre elevane sin trivsel og læring. Hovedfokuset frå tidlegare år held fram:
  - Skulemiljø – klassemiljø, MOT-arbeid, relasjonell kompetanse.
  - Variert undervisning og vurdering.
  - Oppretthalde og utvikle vår digitale kompetanse.
- VUS ønsker ei positiv utvikling av elevane si kompetanse slik at det og slår ut på dei nasjonale kartleggjingsprøvene. Vi fokuserer m.a. på lesing som grunnleggjande ferdigheit; alle faglærarar er «lese»-lærarar i sitt fag. Årets 9.klassekull syner ei markant forbetring i både lesing og skrivning frå sine eigne 8.trinnsresultat, og forbetringa er vesentleg større enn utviklinga i nasjonal målestokk.

## MÅL OG MÅLOPPNÅING 2019

<b>Redusere antal elevar som blir mobba av medelevar eller vaksne 2-3 gonger i månaden eller meir</b>
2018: 11,9 %. 2019: 6,3%.
<b>Betre utviklinga av eigne resultat på nasjonale prøver i rekning og lesing frå 8. til 9. klasse (for årets 9. trinn), og score høgare enn landsgjennomsnittet</b>
Lesing på nivå 4-5, i % av elevane: VUS: 27% i 2018 til 47% i 2019 Nasjonalt: 31% i 2018 til 49% i 2019
Rekning på nivå 4-5, i % av elevane: VUS: 44% i 2018 til 58% i 2019 Nasjonalt: 33% i 2018 til 46% i 2019

## ØKONOMISK RESULTAT

TAL I 1000	R-18	B-19	R-19	AVVIK B19-R19
NETTO UTGIFT	23.434	24.736	25.427	- 691

Meirforbruk er knytt til leige av kulturbygg og busskjøring. I tillegg er det brukt noko meir enn budsjett på drift av kantine og skolemat.

## SJUKEFRÅVÆR

2017	2018	2019
2,8 %	8,5 %	9,7 %

# Sødorp skole

## VIKTIGE SAKER OG HENDINGAR

- › Ny rektor august 2019.

## OPPGÅVER OG TENESTER

Sødorp skole er ein fulldelt barneskole med i alt 162 elevar fordelt på 1.–7. klasse. Skolen har SFO-tilbod til 1.–4. steg. Tilbodet er om morgonen frå kl. 07.00 og om ettermiddagen frå skoleslutt fram til 16.30.

## MÅL OG MÅLOPPNÅING 2019

**Forståing og innføring av «Fagfornyninga»:** Lærarane skal ha god forståing av den nye læreplanen og bli trygge på å undervise i tråd med endringane som kjem

Gjennom kursdeltaking saman med andre skolar og arbeid i personalet har vi kome godt på veg mot innføringa av ny læreplan hausten 2020. Arbeidet held fram utover våren 2020.

**Arbeide med kollektiv kompetanseheving og profesjonelle læringsfellesskap internt i organisasjon**

Godt utgangspunkt for arbeid med ein lærande organisasjon vidare.

**Arbeid med gode rutiner for oppfølging av elevane sin faglege og sosiale utvikling**

Forventningar og rutiner er tydelege. Det må arbeidast kontinuerleg med kvalitet i tenesta.

## ØKONOMISK RESULTAT

TAL I 1000	R-18	B-19	R-19	AVVIK B19-R19
NETTO UTGIFT	15.204	14.775	15.298	-523

Meirforbruk skuldast ekstrautgifter til løn knytt til oppfølging av elevar.

## SJUKEFRÅVÆR

2017	2018	2019
3 %	12 %	9,1 %

# Kvam skole

## VIKTIGE SAKER OG HENDINGAR

- › Elevtalet går ned frå i fjor med 12. Det vil fortsette å gå ned.

## OPPGÅVER OG TENESTER

- › Kvam skole. Grunnskole 1-7, leksehjelp og skolefritidsordning.
- › Skoleåra 18/19 og 19/20 er det digitaliserings-satsinga, fagfornyninga og inkluderande barnehage- og skolemiljø som har hatt fokus både i klasseromma og i samband med kompetanseheving for lærarane.

## MÅL OG MÅLOPPNÅING 2019

### Elevundersøkinga

Resultata er generelt gode, nokre områder går litt fram, andre litt tilbake.

### §9a – trygt skolemiljø

Skolen har hatt fleire saker. Vi jobbar saman med foreldre for å sette i verk tiltak som er gode for den einskilde elev.

### Digitalisering

Alle bruker iPad i ulike fag og vi har gjort erfaringar og delt erfaringar ift kva som fungerer og kva som ikkje er så lurt.

### Fagfornyninga

Kvam har jobba saman med Skåbu i delar av denne satsinga. Vi ser at det er fint for lærarane å ha fleire fagpersonar å spele på.

## ØKONOMISK RESULTAT

TAL I 1000	R-18	B-19	R-19	AVVIK B19-R19
NETTO UTGIFT	10.013	9.384	10.180	-796

Meirforbruket er hovudsakleg knytt til lønskostnader. Dette gjeld m.a. vikarkostnad ved sjukefråvær som ikkje er refundert og assistentløn knytt til oppfølging av enkeltelev. I tillegg fekk fleire lærarar høgare løn enn budsjettert som følgje av det sentrale lønsoppgjøret.

Det er også meirforbruk på ulike driftspostar, som t.d. leige av kopimaskinar.

## SJUKEFRÅVÆR

2017	2018	2019
1,3 %	5,6 %	3,3 %

# Barhaug skole

## VIKTIGE SAKER OG HENDINGAR

- › Barhaug skole held fram med årlege fellesarrangement som er med på å skape eit fellesskap for både elevar og tilsette. Til dømes fjelltur, «natursti», joggedag og julegraut.
- › Biblioteket på skolen er ferdig renoverert og møblert. Elevar frå 7. klasse var med på å pusse opp eit gammalt bord som nå står som eit samlingspunkt midt i rommet.
- › Tilsette på SFO har lagt ned mykje arbeid på å pusse opp og gjere om på lokala. Flott resultat!
- › Oppstart med rekordstor 1.klasse (33 elevar) har gått fint, og elevane fann seg fort til rette på skolen vår.

## OPPGÅVER OG TENESTER

- › Barhaug skole er ein fulldelt barneskole med i alt 144 elevar fordelt på 1.–7. klasse. Skolen sitt SFO-tilbod har tilbod til elevane i eige lokale – gamle Barhaug skole. Tilbodet er om morgonen frå kl. 07.00 og om ettermiddagen frå skoleslutt fram til kl.16.30.
- › Skolen sin visjon er «Trivsel og læring for alle».

## MÅL OG MÅLOPPNÅING 2019

**Utvikle og oppretthalde gode og trygge skulemiljø, der alle barn og unge trivst og opplever å høyre til**

Elevundersøkinga syner at elevane har eit trygt og godt skulemiljø, men at vi har rom for å bli endå betre på område som meistring, motivasjon og vurdering.

**Forståing og innføring av «Fagfornyninga»: Lærarane skal ha god forståing av den nye læreplanen og bli trygge på å undervise i tråd med endringane som kjem**

Gjennom kursdeltaking saman med andre skolar og arbeid i personalet har vi kome godt på veg mot innføringa av ny læreplan hausten 2020. Arbeidet held fram utover våren 2020.

## ØKONOMISK RESULTAT

TAL I 1000	R-18	B-19	R-19	AVVIK B19-R19
NETTO UTGIFT	13.834	13.651	14.302	-651

Meirforbruket skuldast ekstraavgifter til løn knytt til oppfølging av enkeltelevar.

## SJUKEFRÅVÆR

2017	2018	2019
4,4 %	7,3 %	9,2 %

# Skåbu oppvekst

## VIKTIGE SAKER OG HENDINGAR

- › Frå 1.8.2019 vart ungdomstrinnet overfløtt til Vinstra ungdomsskule.
- › Barnehagen utvida med ei avdeling pga auke i barnetal frå august 2019. Avdeling for barn over 3 år fekk plass i ledige lokale i skulen.

## OPPGÅVER OG TENESTER

- › Skåbu oppvekst omfatta barnehage, SFO, og barne- og ungdomsskule fram til 31.7.19. Frå 1.8.19 var skulen utan ungdomstrinn.

## MÅL OG MÅLOPPNÅING 2019

**Skulen: Å lande organisasjonen etter omstrukturering**

Vi har fått på plass mykje i løpet av hausten.

**Skule og barnehage: Inkluderande barnehage- og skulemiljø**

Personalet har jobba med elevmedverknad, og med fysisk leikemiljø i barnehagen.

**Skulen: Fagfornyninga**

Skåbu har arbeidd saman med Kvam skule i delar av denne satsinga. Vi ser at det er fint for lærarane å ha fleire fagpersonar å spele på.

**Barnehagen: Få på plass struktur og organisering med to avdelingar**

Ein del sjukefråvær har skapt utfordringar med dette arbeidet så langt.

## ØKONOMISK RESULTAT

TAL I 1000	R-18	B-19	R-19	AVVIK B19-R19
NETTO UTGIFT	9.151	9.192	9.458	-266

Meirforbruket skuldast auka bemanning i barnehagen som følge av at det, etter tildeling av barnehageplassar, vart utvida med ei avdeling frå august 2019. Det er brukt færre lærartimar enn budsjettert i skulen, og det reduserte meirforbruket samla sett.

## SJUKEFRÅVÆR

2017	2018	2019
9,5 %	8,9 %	12,4 %

# Fellesområde barnehage; TOKSEBAKKEN, RUSTE OG KVAM BARNEHAGE

## VIKTIGE SAKER OG HENDINGAR

- › Vanntilvenning for alle 5-åringane (samarbeid mellom privat og kommunale barnehagar) med midlar frå Fylkesmannen Innlandet.
- › Ny sentral ordning for kompetanseutvikling der dei tre midtdalskommunane i lag med, HiNN og FM samhandler om barnehagebasert kompetanseutvikling. Barnehagelæraren i ein lærande organisasjon er hovudtema.
- › Brukarundersøking (foreldre) gjennomført med høg deltaking (frå 48-81 %), og særlig godt resultat på barn sin trivsel og utvikling.

## OPPGÅVER OG TENESTER

- › Fellesområde barnehage tilbyr barnehageplassar for barn frå 0-6 år i Vinstraområdet og Kvam. Barnehagane i Nord-Fron (kommunale og private) samarbeider på fleire områder, mellom anna opptak og kompetanseutvikling. Det er felles nettverk for styrarane i barnehagane.

## MÅL OG MÅLOPPNÅING 2019

***I barnehagane i Nord-Fron bidreg vi til at alle får ein god barndom prega av trivsel og leik***

Ut frå hovudmålet er det arbeidd med ulike delmål i barnhagane, knytt til tid relasjonar og felles opplevingar. Krittisk refleksjon er godt innarbeidd og det fører med seg utvikling og endring i måten å møte barn på.

## ØKONOMISK RESULTAT

TAL I 1000	R-18	B-19	R-19	AVVIK B19-R19
NETTO UTGIFT	-432	22. 798	24. 048	-1. 250

*Meirforbruket skuldast høgt sjukefråvær, andre opptak av barn frå 1.1, fleire barn med rett til spesialpedagogisk hjelp og fleire familiar som får gratis kjernetid og redusert foreldrebetaling.*

## SJUKEFRÅVÆR

2017	2018	2019
13,7 %	19,1 %	13 %



Bilde frå Kvam barnehage.



Jim Wilhelmsen mottok Kulturprisen for 2019.

## Kultur

### VIKTIGE SAKER OG HENDINGAR

- › Flyktningetenesta gjekk over til eit interkommunalt samarbeid med Sør-Fron kommune og Ringebu kommune frå 1.1.19. Tenesta er lokalisert i Sør-Fron kommune.
- › Kulturprisen vart tildelt Jim Wilhelmsen.
- › På biblioteket vart det - i tillegg til vanleg drift - gjennomført 24 arrangement med stor breidde og variasjon. Tilsaman 1.501 har besøkt desse arrangementa. Dette er ein nedgang sidan 2018 som kan forklarast med lågare bemanning og reduserte opningstider ei lengre periode i 2019.
- › Fron kulturskole arbeider kontinuerleg med implementering av rammeplan for kulturskolen «Mangfold og fordypning». I tillegg har vi hatt auka fokus på å utvikle nye metodar og fagtilbod i tråd med m.a. den digitale samfunnsutviklinga.

### OPPGÅVER OG TENESTER

Området kultur omfattar drift av bibliotek, kino, kulturbygg og anlegg, samt musikk- og ungdomsarbeid (kommunalt/ interkommunalt og regionalt), vaksenopplæring for flyktningar og frivilligarbeid. Området har eit godt samarbeid med frivillige lag og organisasjonsliv og forvaltar ymse tilskotsordningar til desse.

### ARRANGEMENT I REGI AV KULTUROMRÅDET I 2019:

- › I tråd med nasjonale føringar om at biblioteket skal vera ein kulturarena og møteplass, har biblioteket i tillegg til utlån av bøker avvikla 24 arrangement både for barn og vaksne, på dagtid og kveldstid.
- › I tillegg har det vore 4 utstillingar, to for barn og to for vaksne. Det var stor deltaking i den digitale nasjonale Sommerleskampanje der 177 skoleelevar deltok.
- › Fron kulturskole sitt tilbod er retta mot barn og unge frå seks til 19 år. Tilbodet har som oppgåve å utvikle

kunstfagleg kompetanse og uttrykksevne. Som del av dette øver elevene seg i å formidle kunst- og kulturuttrykk for publikum. Kulturskolen hadde stor utadretta aktivitet i 2019, med 22 eksterne elevoppdrag og 16 egne framsyningar/konsertar/utstillingar.

- › Ung i Midtdalen (UiM) har vore med og arrangert UKM Midtdalen, Statement Midtdalen og Kåja Camp. UiM, Vinstra ungdomsklubb og Ringebu ungdomshus har samarbeid om og vore vertskap for to frivillige ungdomsarbeidarar frå Frankrike og Tyskland gjennom eit Europeisk volontørprosjekt. UiM har hatt pop-up kontor på Vinstra vdg. skule på faste dagar, og samarbeid om blant anna arrangement knytt til «Verdensdagen for psykisk helse», sitt i ressursgruppa for folkehelseprosjektet «Livsmestring og inkludering i videregående» og arbeider med lokal mobilisering mot doping saman med Antidoping Norge.
- › Vinstra kino har i 2019 hatt 116 framsyningar med eit besøkstal på 5.550.
- › Vinstra ungdomsklubb har i tillegg til vanlege klubbkveldar arrangert Nattklubb, utflukt til Rush Trampolinepark, og juniorklubbkveldar. I august tok dei i bruk eit nytt verktøy for å kunne hente ut besøksstatistikk. Snittbesøket frå 19.08.19 fram til 31.12.19 var 98 ungdommar pr. kveld.
- › Ungdomsfestivalen Kåja Camp vart arrangert for tiande gong i juni, som eit samarbeidsprosjekt mellom Vinstra ungdomsklubb, Nord-Fron ungdomsråd og Ung i Midtdalen. Det var 139 deltakarar frå heile Gudbrandsdalen.
- › I tillegg til ordinær drift arrangerer Kvamstunet forskjellige bussturar med middag og kulturelle opplevingar. Kvamstunet har eit godt samarbeid med Kvam sanitetsforening om bussturar og arrangement.
- › Den kulturelle spaserstokken legg til rette for ymse kulturelle opplevingar gjennom året, som mellom anna markering av Eldredagen på både Kvamstunet og Sundheim og Senior dag på Rudi Gard – alle arrangement med underhaldning og servering av mat.
- › I tillegg til å leggje til rette for frivillig innsats i kommunen arrangerer Frivilligsentralen forskjellige aktivitetar på Gammelbanken, slik som bridge, steinsliping, strikkekafe, og språkkafe. Frivilligsentralen er også ansvarlig for å koordinere bruken av Gammelbanken for lag, forreningar og private.
- › Pga. at Kulturkvelden 2018 vart utsett vart det i 2019 gjennomført to kulturkveldar. Kulturkvelden 2018 vart arrangert i januar 2019, og Kulturkvelden 2019 vart, som vanleg, arrangert andre fredag i november.
- › Kvelden hadde eit variert program i tillegg til utdeling av kulturprisen. Same dagen vart det også arrangert Kultursamling for alle grunnskoleelevane i kommunen. Ein produksjon av og for elevane, med proff scene-, lyd- og lysrigg.

## MÅL OG MÅLOPPNÅING 2019

**Vinstra kino skal gje eit breitt tilbod av kvalitativt god film. Vinstra kino skal ha eit gjennomsnittsbesøk på min. 65 besøkande per film. Raskast mogleg visning av filmar etter Noregspremiere**

Mål oppnådd.

**Vinstra ungdomsklubb skal vera eit ope og inkluderande tilbod til ungdom mellom 13 og 19 år, med eit snittbesøk på min. 35 per kveld, og med aktivitetar basert på ungdommen sine ønskje**

Mål oppnådd.

**Nord-Fron Frivilligsentral skal oppretthalde og utvikle eksisterande tiltak**

Mål oppnådd.

## ØKONOMISK RESULTAT

TAL I 1000	R-18	B-19	R-19	AVVIK R19-R18
NETTO UTGIFT	21.856	17.761	17.188	573.498

*Mindreforbruket skuldast god og effektiv drift av kulturbygg, samt noe vakanser jfr. sjukefråver.*

## SJUKEFRÅVÆR

2017	2018	2019
3 %	4,9 %	2,3 %

# Forebyggande helsetenester

## VIKTIGE SAKER OG HENDINGAR

- › Helsestasjon har søkt midlar for å arbeide med tidleg innsats mot foreldre og barn. Det er oppretta samarbeid med barnehagane for å få utvikle gode system for samarbeid om tidleg innsats.
- › Oppstart etablering «Koordinerande eining» som arena for intern samhandling av kommunale tenester. Koordinerande eining vart organsiert som ein del av komande Tildelingskontor frå hausten 2019.
- › Avgjerd om at stillinga konsulent for funksjonshemma skal leggast til det framtidige tildelingskontoret.
- › Frisklivssentralen er eit veletablert tilbod med fokus på auka livskvalitet og meistring av plager og eige helse. Fysioterapi/Friskliv og rus og psykisk helse har samarbeid om utvikling av ulike kurstilbod og om kompetansehevande tiltak for tenestene. Samarbeidet vil i tida som kjem ha fokus på å utvide tilboda.
- › Avgjerd på omrokking av stillingsheimlar innafor legetenesta for å få oppretta heil 100% stilling for tilsynslege ved Sundheim bo- og treningssenter.
- › Avslutning rusprosjekt som har motteke tilskot via Opptrappingsplan for kommunalt rusarbeid 2016–19.

- › Tilsyn på helsestasjon, skolehelsetenesta, rus og psykiske helsetenester og legetenesta. Tilsynet fann ikkje avvik, men påpeika område der svikt kan oppstå/forekome. Tilsynet var omfattande og det største fylkesmannen har gjennomført hittil.

## OPPGÅVER OG TENESTER

Forebyggande helsetenester består av helsestasjon og skolehelsetenesta, psykologteneste, legekantor og legetenesta, ergo- og fysioterapi, rus og psykisk helse og bustøtteordningar/ bustadkontor.

- › **Interkommunalt arbeid**  
Virksomheitsområdet deltek i fleire interkommunale prosjekt:
  - › Helsestasjonverksemda samarbeider med Ringebu og Sør Fron kommune om foreldreforebyggande tiltak for foreldre, COSP.
  - › Interkommunalt fagteam – samarbeid mellom 6 kommunar i Sør Gudbrandsdal for utvikling av fagområde rus og psykisk helse.
  - › Samarbeidsavtale inngått med 5 andre kommunar i Sør Gudbrandsdal og distriktpsykiatrisk senter/DPS, for å opprette FACT. FACT skal tilby samla og heileheiltleg behandlingstilbod til personar med lågt funksjonsnivå og som ikkje meistrar dagleg liv og samfunn grunna alvorleg psykisk sjukdom og/eller rusliding.
  - › Oppstart interkommunalt arbeid med Sel, Sør-Fron og Ringebu kommunar med tema «Rus og ungdom» og fokus på foreldrerolla – korleis styrke foreldre for at ungdom skal utsette alkoholdebut.
- › **Tilsynsarbeid**
  - › Forebyggande helsetenester har hatt fleire ulike tilsyn av fylkesmannen. Det har vore stort fokus på utvikling av rutiner og prosedyrar for å kunne yte best moglege tenestar.

## MÅL OG MÅLOPPNÅING 2019

### Forebyggande helsetenester er i omstilling

Det er ikkje klart kva som naturleg høyrer inn under området. Overordna for forebyggande helsearbeid er meistring av eige liv, uavhengig av alder men med fokus på tidleg intervensjon. Felles for tenester på området er å arbeide for ein god helsetilstand, ut frå ei forståing om at velferd handlar om levestandard og livskvalitet. Eit godt helsetenestetilbod er eit naudsynt fundament for alle som lever og bur i ein kommune.

### Kompetanseheving

Tenester for rus og psykisk helse avslutta i 2019 eit lengre veiledningsopplegg med KS konsulent.

### Utvikling av gruppetilbod

Har vore ei satsing i 2019 og vil bli ei satsing framover. Gode gruppetilbod har dokumentert god behandlings-effekt og skal vere eit alternativ tilbod.

## ØKONOMISK RESULTAT

TAL I 1000	R-18	B-19	R-19	AVVIK B19-R19
NETTO UTGIFT	45. 348	36. 896	35. 093	1. 803

*Mindreforbruket er i hovudsak knytt til det interkommunale samarbeidet innan barnevern (MGBV) der det har vore mindre utgifter til fosterheimar/tiltak enn det som var budsjettert. I tillegg har Forebyggjande helsetenester hatt innsparing på løn, fordi det har vore vakansar ved sjukefråvær og permisjonar.*

## SJUKEFRÅVÆR

2017	2018	2019
5,3 %	3,6 %	9,3 %



# Heimetenester

## VIKTIGE SAKER OG HENDINGAR

- › Heimesjukepleia og korttid opplever raskare utskrivingar frå sjukehus, fleire samansatte oppgåver og stadig fleire oppgåver/behandingar som tidlegare vart utført på sjukehus, fleire yngre brukarar og auka volum generelt. Generelt ei auke i antal kreftpasientar. Det blir også tatt imot pasientar akutt frå legekantor og heime.
- › Det har blitt oppretta lokale arbeidsmiljøutvalg.
- › Arbeidslivssenteret har bistått leiarar og tilsette med utarbeiding av ein handlingsplan for betre arbeidsmiljø.
- › Ambulerande vaktmeister har fått auka stilling midlertidig med 20% og hjelpemiddellageret er meir ajour.
- › Det er utarbeidd rutiner for handtering av vald og trugslar.
- › Virksomheitsleiar gjekk i oktober av med pensjon etter over 37 års tenestetid i Nord-Fron kommune.

## OPPGÅVER OG TENESTER

### KORT OM HEIMETENESTA:

Heimetenesta gir praktisk bistand (heimehjelp), heimesjukepleie, tilrettelegging og utkjøring av hjelpemidlar og trygghetsalarmar. Avdelinga gir korttidsopphald i institusjon. Korttidsopphald kan vere behandling etter sjukehusopphald eller skade, rehabilitering eller avlastning for pårørande. Det blir gitt legetenester på korttidsopphald.

### UTFORDRINGSBILDE

I heimesjukepleia opplever vi at det er mindre privat hjelp og meir krav til kommunen om bistand til ulike oppgåver. Ei auke i komplekse saker i heimetenesta.

### KOMPETANSE

Vi har et aktivt læringsmiljø med internundervisning, faglunsjar, faggrupper i ulike fagfelt. Vi har praksis og turnusplassar for helsefagelevar, vernepleie og sjukepleiestudentar, ergoterapeut, fysioterapeutar og legar. I 2019 fullførte seks tilsette vidareutdanning i heimesjukepleia. I tillegg blir det tatt e-kurs for kompetanseheving for heile heimetenesta.

### FELLES MIDDAG FOR «HEIMEBUANDE»

I samarbeid med frivillige har heimehjelpstenesta eigen middagservering for brukarar i HDO boligane 4 dagar i veka. Tilbudet er populært blant bebuarane og det deltek rundt 14-17 brukarar pr. dag.

## MÅL OG MÅLOPPNÅING 2019

<b>Sjukefråvær på 8,1%</b>
Oppnådd. Resultat vart 6,7%.
<b>Utarbeide rutiner for vald og trugslar</b>
Det er utarbeidd ROS analyse vedr. vald, trugslar og arbeidsmiljø for heimetenester etter tilsyn frå Arbeidstilsynet. ROS analyse vart utarbeidd i samarbeid med bedriftshelsetenesta.
<b>Utarbeide handlingsplan for arbeidsmiljø</b>
Planen er utarbeidd. Tiltaka blir gradvis iverksett utover 2020.
<b>Auka kompetanse innan rehabilitering, rus/psykiatri, kreftomsorg og velferdsteknologi</b>
6 tilsette fullførte vidareutdanning innan kreftomsorg, rus og psykisk helse, palliasjon, og rehabilitering. I tillegg blir det tatt 435 e-kurs for kompetanseheving for heile heimetenesta.

## ØKONOMISK RESULTAT

TAL I 1000	R-18	B-19	R-19	AVVIK B19-R19
NETTO UTGIFT	34.936	36.922	36.767	155

Virksomhetsområdet leverer eit svakt resultat samanlikna med tidlegare år og har eit mindreforbruk på kr. 155.000. Hovedårsak til dette skuldast at avdeling for korttid og rehabilitering har hatt eit unormalt høgt belegg sidan oktober 2019.

## SJUKEFRÅVÆR

2017	2018	2019
9,8 %	9,1 %	6,9 %

# Institusjonsomsorg

## VIKTIGE SAKER OG HENDINGAR

- › Omorganisering fører til at virksomhetsområdet Institusjon blir slått saman med Heimetenester frå 1.1.20.
- › Felles turnus for Langtidsavdelinga, inkl 13 i langturnus, er utarbeidd og 15 tilsette har fått auka stilling. Oppstart ny turnus i januar 2019.
- › Ny turnus, inkl 6 langturnus, er utarbeidd på Sundtunet og 9 tilsette har fått auka stilling. Oppstart i mars 2019.
- › Utarbeidd felles turnus for alle nattevakter på Sundheim med oppstart februar 2020. Det vart tilført 1,8 årsverk på natt styrka med sjukepleierressurs. Det er tilsett 3 nye sjukepleiarar på natt.
- › Sundheims Venner har i samarbeid med Institusjon arrangert haustfest, julebord og juletreffest for pasientar og bebuarar i omsorgsbolig.
- › Institusjon har arrangert ein vellykka restaurantaften med pasientar og pårørande. Det har også vore fleire arrangement med mat og musikk.
- › Det vart arrangert julebord for alle frivillige i som takk for flott innsats.
- › Dagsenteret har kvar veke hatt aktivitetstema gjennom heile hausten og vinteren. Det har vore arrangert bingo annakvar veke i omsorgsboligane.
- › Elevar frå ungdomsskolen har vore på Sundheim kvar torsdag som ein del av valgfaget «innsats for andre».
- › Ungdomsskoleelevar har vore vikarar sommar og jul på langtidsavdelinga og Sundtunet.
- › 2 har tatt fagbrev i 2019. 1 kokk og 1 helsefagarbeider.

## OPPGÅVER OG TENESTER

Området Institusjon består av langtidsavdeling, skjerma eining, dagtilbud, Institusjonskjøkken, Kantine på kommunehuset og institusjonslege. Frå 1.1.20 blir det ein felles tilsynslege for heile Sundheim.

### ANTAL SENGEPLASSAR:

Langtidsavdeling: 36 plassar

Skjerma eining: 18 plassar

Totalt: 54 plassar

### MATOMBRINGING

I 2019 vart det kjørt ut ca 11.200 middagar frå Sundheim, både til TFF og til heimebuande i kommunen. Det er ei auke på ca. 400 i 2019.

### AKTIVITETAR

Avdeling for Aktivitet og Mestring har dagaktivitetstilbud for heimebuande personar med demens i tillegg til vanleg dagtilbud for heimebuande.

## MÅL OG MÅLOPPNÅING 2019

### Brucar skal ha eit godt tilpassa aktivitetstilbud

Det blir organisert ulike aktivitetar gjennom heile året i samarbeid med avdelingane. Det er eit tett samarbeid med frivillige.

### Fokus på fagleg og personleg utvikling for dei tilsette

Utarbeide prioriteringar ift kurs og opplæringar i avdelingane.

### Dei tilsette skal oppleve forutsigbarheit og involvering på arbeidsplassen

Jobbe for ei klar rolle- og arbeidsfordeling og kven som er nøkkelpersonar på dei ulike fagområda. God informasjon ut til tilsette.

## ØKONOMISK RESULTAT

TAL I 1000	R-18	B-19	R-19	AVVIK B19-R19
NETTO UTGIFT	49.196	49.586	55.271	-5.685

Det meste av meirforbruket er knytt til lønskostnader.

Sjukefråværet på langtidsavdelingane har vore høgt gjennom heile året. Dette har ført til overtidsbruk ved vikarinneleige samt bruk av vikarar frå vikarbyrå.

Ved Sundtunet har det gjennom store deler av året vore sett inn ekstra ressursar knytt til ressurskrevjande brukarar.

Avtalefesta tillegg har i tillegg vore høgare enn budsjett, dette gjeld både for faste og vikarar.

